



ULSTEIN KOMMUNE

Hovudplan for avløp 2019 - 2029



Godkjent av kommunestyret 29.11.2018 i sak 18/89

Dato: 18.12.2018

Versjon: 03

Dokumentinformasjon

Oppdragsgjever: Ulstein Kommune
Tittel på rapport: Hovudplan avløp 2019-2029
Oppdragsnamn: Hovudplan avløp - Ulstein kommune
Oppdragsnummer: 614696-01
Skriven av: Inger Karin Nordstrand Roald
Oppdragsleiar: Inger Karin Nordstrand Roald
Tilgang: Åpen

03	18.12.18	Godkjent plan, vedtak i kommunestyret 29.11.18 (KST-sak18/89)	IKR	EB
02	05.11.18	Utkast, 2. gongs politisk handsaming	IKR	EB
01	31.05.18	Høyringsutkast	IKR	EB
VERSJON	DATO	SKRILDRING		SKRIVEN AV

Forord

Asplan Viak har vore engasjert av Ulstein kommune for å revidere hovudplan for avløp. Planen er utarbeida som ein kommunedelplan.

Frå Ulstein kommune har følgjande tatt del i planarbeidet:

- | | |
|------------------|----------------------------|
| • Odd Kåre Wiik | Drifts- og anleggsavdeling |
| • Harald Øvereng | Drifts- og anleggsavdeling |
| • Roar Ulstein | Drifts- og anleggsavdeling |
| • Øyvind Hov | Drifts- og anleggsavdeling |
| • Anita Sundnes | Plan- og bygningsavdeling |
| • Arild Støylen | Plan- og bygningsavdeling |

EnviDan Momentum har utført sjølvkostberekinga.

Inger Karin N. Roald har vore oppdragsleiar for Asplan Viak. I tillegg har Einar Bergsli og Frank Holmelid delteke frå Asplan Viak.

Vedtak

Vedtak i Ulstein kommunestyre 29.11.2018 i sak 18/89:

*Ulstein kommunestyre godkjenner utkast til kommunedelplan – Hovudplan for avløp 2019-2029
datert 05.11.2018.*

Ålesund, 18.12.2018

Inger Karin N. Roald
Oppdragsleiar

Einar Bergsli
Kvalitetssikrar

Samandrag

Generelt

Hovudplan for avløp er ein kommunedelplan. Hovudformålet med planen er å leggje til rette for at det blir bygd ut gode løysingar for oppsamling, transport, reinsing og utslepp av avløpsvatn i Ulstein kommune. Planen vil vere eit grunnlag for budsjett og økonomiplan innanfor avløpssektoren.

Planperioden for hovudplanen er sett tilsvarende som for kommuneplanen sin arealdel, fram til 2029. Når det gjeld tiltak og handlingsplan er det lagt mest vekt på 4 års perioden 2019-2022. Det vil vere behov for å revidere hovudplanen innan 2022. Kommunen bør revidere handlingsplanen kvart år i samband med utarbeiding av budsjett og økonomiplan. Spesielt framdrift og kostnadar for dei ulike investeringstiltaka bør ein oppdatere undervegs.

Innanfor avløpssektoren har kommunen ulike roller. Kommunen er både forureiningsmynde og eigar av avløpsanlegg. Hovudfokuset i planen er knytt til oppgåver og ansvar som kommunen har som anleggseigar, men planen omhandlar også private avløpsanlegg og kommunen si rolle som forureiningsmynde.

Hovudutfordringar

Gjennom arbeidet med hovudplanen her ein sett følgjande hovudutfordringar i kommunen:

- Det er mykje framandvatn (bl.a. regnvatn) i leidningsnettet, problemet er størst i Ulsteinvik sentrum. Dette problemet vil auke framover med forventa klimaendringar, spesielt auke i kraftig nedbør både i intensitet og frekvens. I Ulsteinvik sentrum vert avløpsvatnet pumpa til reinseanlegget RA1 Halseneset. Pumper og leidningsnett har ikkje kapasitet til å overføre alt avløpsvatnet til reinseanlegget, noko som fører til forureining frå overløp og fare for flaumulemper som havari i pumpestasjonar og tilbakeslag i leidningsnettet.
- Nokre kommunale reinseanlegg har liten kapasitet. Det er behov for å oppgradere/byggje nye reinseanlegg ved økt utbygging.
- Manglande tilsyn og kontroll av avløpsanlegg - kommunen som forureiningsmynde.
- Sårbare sjøresipientar jf. lokal forskrift – Den Grøne korridor. Det er fleire avløpsanlegg som ikkje overheld reinsekrav i lokal forskrift for sårbare sjøresipientar.

Strategi og tiltak

For å nå måla som er sett i hovudplanen og løyse hovudutfordringane er følgjande strategi lagt til grunn:

- Endre systemløysinga for leidningsnettet i Ulsteinvik sentrum – føre meir avløpsvatn til reinseanlegget ved gravitasjon ved å bygge ei avskjerande leidning. Dette vil avlaste pumpestasjonane i sentrum, i dag vert avløpsvatnet pumpa til reinseanlegget.
- Redusere overvasstilførsel/framandvatn til spillvassførande leidningar.
- Utarbeide plan for leidningsfornying og separering – saneringsplan.
- Auke fornying av avløpsleidningar og separering av fellesleidningar.
- Oppgradere reinseanlegg og utslepp som ikkje stettar reinsekrava og/eller har dårleg kapasitet.
- Føre reinsa vatn til utslepp med god utforming og plassering (djupvassutslepp) for å hindre at avløpsvatn påverkar vasskvaliteten i overflatelaget og strandsone.

- Utføre tilsyn med avløpsanlegg som kommunen har mynde for.
- Auke tilknytinga til felles reinseanlegg i rensedistrikta.
- Kartlegge eksisterande leidningsnett, både kommunalt og privat, og registrere desse i kommunen sitt leidningskart.
- Kostnadsdekking med gebyr - både som anleggseigar og mynde.

Kommunen som forureiningsmynde

Ei viktig oppgåve kommunen har framover vil vere å kartlegge tilstanden til eksisterande avløpsanlegg. Kommunen må utføre tilsyn og kontroll av anlegg som kommunen har mynde for. For å utføre dette arbeidet må kommunen ha både kompetanse og kapasitet. Kommunen har ikkje kapasitet til dette arbeidet med dagens bemanning, og det er behov for å auke bemanninga ved plan- og bygningsavdelinga om arbeidet skal utførast i eigenregi. Kommunen kan vurdere samarbeid med andre kommunar om dette arbeidet. Kostnadar med sakshandsaming av søknadar om utsleppsløyve og tilsyn av avløpsanlegg kan dekkjast av gebyr og utførast med sjølvkost.

Reinsedistrikt

Det er definert reinsedistrikt for avløpsanlegg over 50 pe i hovudplanen, både for private og kommunale anlegg. Reinsedistrikta definerer området som det er planlagt at kvar enkelt reinseanlegg skal behandle avløpsvatn frå. Område som i arealdelen av kommuneplanen er avsett til bygningar og anlegg er tatt med i reinsedistriktet til dei ulike reinseanlegga. I tillegg er det tatt med bustader i LNF-område (Landbruks-, natur- og friluftsformål) som er tilknytt eksisterande avløpsanlegg i dag.

Kommunale avløpsanlegg

Kommunen har sanert mange ureinsa utslepp og etablert fleire reinseanlegg sidan 2001, då dagens kommuneplan for avløp vart vedtatt. Kommunen har i dag 1 silanlegg og 14 slamavskiljarar. Nokre av reinseanlegga har for liten kapasitet i forhold til framtidig utbygging, og det er behov for å byggje nye eller oppgradere eksisterande reinseanlegg nokre stader.

Når kommunen har oversikt over tilstanden på eksisterande private avløpsanlegg kan ein vurdere om kommunen på sikt bør etablere nye kommunale avløpsanlegg for nokre område slik som det var planlagt i hovudplanen frå 2001. Dette må ein vurdere i eit kost/nytte perspektiv. I hovudplanen frå 2001 var det planlagt å etablere felles avløpsanlegg for blant anna Ytre Dimna, Garnes, Selvåg og Ødegård på Eiksund. Det er ikkje prioritert i denne avløpsplanen å bygge kommunale avløpsanlegg i desse områda. Som hovudregel er det tenkt at i området med spreidd bustadbygging (LNF-B) der det ikkje er utbygd offentleg avløpsanlegg, skal avløpsløysinga vere basert på mindre private avløpsanlegg.

Kommunen har ikkje oppdaterte utsleppsløyve for kommunale avløpsanlegg, og det er behov for å sjøke om nye utsleppsløyve. I lokal forskrift om utslepp av avløpsvatn er det definert nokre sårbare sjøresipientar i kommunen, og det er stilt strengare reinsekrav til sårbare sjøresipientar enn til gode sjøresipientar for avløpsanlegg under 50 pe. Nokre av dei kommunale avløpsanlegga har utslepp til desse sårbare sjøresipientane, og det er viktig å avklare framtidig reinsekrav for desse anlegga. Lokal forskrift gjeld ikkje for dei kommunale avløpsanlegga då dei er over 50 pe.

Ei av hovudutfordringane for kommunale anlegg er problem med framandvatn (bl.a. regnvatn) i leidningsnettet noko som blant anna fører til overløp frå pumpestasjonar og fare for tilbakeslag av avløpsvatn til bygningar. Det er forventa eit endra klima framover med blant anna meir intens nedbør og havnivåstigning, og dette vil auke utfordringane med framandvatn i leidningsnettet.

Det er behov for auka bemanning ved drifts- og anleggsavdelinga for å dekkje oppgåver innanfor avløp, og det er lagt inn ei ny stilling frå 2020. Avdelinga har utfordringar i forhold til både

planlegging og utbygging, samt drift og vedlikehald av avløpsanlegg. Det er behov for fleire nyanlegg og eit langsiktig arbeid med sanering og fornying av leidningsnettet for både vatn og avløp. Dette vil i hovudsak bli utført av entreprenørar, men avdelinga vil bli sterkt involvert med både administrativt personell og uteseksjonen til deltaking i planlegging, utbygging, kontroll og oppfølging. Bemanningsa ved avdelinga er ikkje stor nok, og fører til at ein ikkje får utført alle oppgåver som er pålagde eller at ein ikkje får den nødvendige tid til å utføre dei på ein sikker og god måte.

Ulsteinvik sentrum

Problemet med framandvatn er stort i område med fellessystem (AF-leidningar) og spesielt i Ulsteinvik sentrum. Viser til kapittel 6.3 om reinsedistrikt Ulsteinvik og kartvedlegg 003 og 007. Kommunen har ikkje oversikt over kor i leidningsnettet det kjem inn mest framandvatn. Det er ikkje aktuelt å vidareføre alt framandvatnet til RA1 Halseneset. Reinseanlegget har ikkje kapasitet til dette og det medfører også store driftsutgifter dersom ein skal pumpe alt framandvatnet til reinseanlegget.

Prioriterte tiltak:

- Lokalisere kjelder til framandvatn til leidningsnettet - utføre systematiske registreringer og målinger i leidningsnettet
- Separering av AF-leidningar og fornying av leidningsnettet.
- Etablere ei avskjerande leidning frå RA1 Halseneset og austover mot Saunesmarka industriområde i Ulsteinvik. Denne leidninga vil redusere avløpsmengda til pumpestasjonane og føre avløpsvatn frå øvre del av Ulsteinvik direkte til RA1 Halseneset ved gravitasjon. Det er høge kostnader med å pumpe avløpsvatnet via fleire pumpestasjonar til reinseanlegget slik som situasjonen er no. Det fører til utslepp av ureinsa kloakk til hamnebassenget og Lyngnesvika ved overløpsdrift ved pumpestasjonane på grunn av manglande kapasitet ved både pumpestasjonar og leidningsnett.
- Det er behov for å utføre nokre strakstiltak i Ulsteinvik sentrum då den avskjerande leidninga er eit tiltak som må byggjast etappevis over fleire år. Det er difor nødvendig å utføre tiltak på leidningsnettet, samt styring av pumpestasjonane for å redusere faren for tilbakeslag i bygningar og ulemper ved utslepp av ureinsa avløpsvatn ved overløp. Det er behov for ny utsleppsleidning for overløp frå PS5 Johansenbuda. Eksisterande leidning har for liten kapasitet, og det er behov for å auke dimensjonen for å unngå havari i pumpestasjonen på grunn av mykje framandvatn til stasjonen ved nedbør og snøsmelting. Overløpsleidninga er planlagt med utslepp i Lyngnesvika, utanfor moloen på ca. 20 m djupne.

Sundgot

Det er behov for å bygge nytt reinseanlegg for utslepp U15 til Botnavika, viser til kartvedlegg 004. Eksisterande slamavskiljar RA7 har for liten kapasitet. Kommunen må avklare reinsekrav for nytt reinseanlegg og søkje om utsleppsløyve. I handlingsplanen er det lagt inn tiltak på å bygge ny slamavskiljar, men det kan kome krav om biologisk/kjemisk reinseanlegg slik som det er for mindre reinseanlegg i lokal forskrift. Botnavika er definert som sårbar sjøresipient jf. lokal forskrift for utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg. Lokal forskrift gjeld for anlegg under 50 pe. Det er lagt inn tiltak om resipientundersøking for sårbare sjøresipientar i handlingsplanen.

Handlingsplan

Handlingsplanen viser planlagde investeringstiltak. Investeringane er på om lag 130 mill. kroner for perioden 2019-2029, dette vil resultere i høgare gebyr samanlikna med i dag.

Kartvedlegg viser hovudstrukturen av eksisterande avløpsanlegg, og forslag til tiltak som prinsippskisser. Endeleg løysing vert bestemt ved forprosjekt og /eller detaljprosjektering for det einskilde prosjektet.

Gebyr

Ved utbygging etter handlingsplanen og auke i bemanning på avløp i 2020 vil det bli auke i årsgebyr for avløp. Pr. 01.01.18 har kommunen også eit underskot på gebyrområde avløp på kr – 1.418.936, dette underskotet er i hovudsak frå 2013 og 2014 då kommunen gjekk med underskot på avløpstenesta. Hovuddelen av dette underskotet må betalast tilbake innan 2019, det blir difor ei høgare auke i gebyra frå 2018-2019.

Kommunen må beregne og gjere vedtak om gebyr kvart år innanfor sjølvkostregelverket.

Normalgebyret viser gebyr for ei normalhushald med målt forbruk på 150 m³ i året. Dette er same talet som SSB brukar for å presentere kommunale gebyr.

Gebyrutvikling 2018-2024

	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Årsgebyr, eks. mva	3 329	3 907	4 100	4 365	4 725	5 077	5 401
Årsgebyr, inkl. mva	4 161	4 884	5 125	5 457	5 907	6 346	6 751
Årleg endring frå året før		17 %	5 %	7 %	8 %	7 %	6 %

Det er ei større auke i årsgebyret frå 2018-2019 enn dei andre åra, dette er knytta til tilbakebetaling til fond på grunn av tidlegare underskot på avløpssektoren i 2013 og 2014.

Saksgang

Planprogram for hovudplanen vart vedtatt av formannskapet 28.11.17 i sak 17/117.

Utkast til hovudplan vart lagt fram for formannskapet til første gongs handsaming 12.06.18 i sak 18/65.

Utkast til hovudplan vart sendt på høyring til aktuelle høyringsinstansar og lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker. Hovudplanen vart revidert etter høyringa. Sidan hovudplanen ikkje vart vedtatt før i slutten av 2018, vart planperioden korrigert til å gjelde frå 2019-2029.

Revidert hovudplan vart lagt fram for formannskapet for andre gongs handsaming 27.11.18 i sak 18/128. Hovudplan avløp 2019-2029 vart godkjent av kommunestyret 29.11.18 i sak 18/89.

Innhold

1. INNLEIING	1
1.1. Generelt	1
1.2. Planperiode og vidare planprosess	1
1.3. Kommunedelplan avløp 2001-2009	2
1.4. Kommunen har ulike roller	2
2. RAMMEVILKÅR	4
2.1. Sentrale lover og forskrifter	4
2.2. NOU – Noregs offentlege utgreiingar og Nasjonale mål for vann og helse	5
2.3. Regionale planar	6
2.4. Kommunale planar og lokale forskrifter	7
2.5. Klimaendringar	8
3. MÅL	9
3.1. Overordna mål	9
3.2. Delmål	9
4. EKSISTERANDE TILSTAND OG SITUASJON	11
4.1. Resipientar og vassmiljø.....	11
4.2. Tettbusetnad.....	18
4.3. Avløpsanlegg mindre enn 50 pe (kapittel 12)	20
4.4. Avløpsanlegg over 50 pe (kapittel 13).....	22
4.5. Oljeutskiljarar og påslepp (kapittel 15)	22
4.6. Slamtømming	22
4.7. Kommunale avløpsanlegg	23
4.8. Administrative og organisatoriske forhold.....	29
5. VAL AV TILTAK OG STRATEGI.....	34
5.1. Hovudutfordringar	34
5.2. Strategi.....	34
5.3. Klimatilpassingar	35
5.4. Kommunen som mynde for avløp.....	36
5.5. Kommunale anlegg	38
6. REINSEDISTRIKT – TILSTAND OG TILTAK	41
6.1. Generelt	41
6.2. Flø.....	42
6.3. Ulstein	43
6.4. Ulsteinvik.....	44
6.5. Strandabø.....	48
6.6. Hasund	50
6.7. Garshol.....	51
6.8. Sundgot	52
6.9. Kleven.....	53
6.10. Gjerde.....	54
6.11. Skjerva.....	55
6.12. Vågevika	56

6.13.	Hellestøa	57
6.14.	Ytre Haddal.....	58
6.15.	Indre Haddal.....	59
6.16.	Havåg	60
6.17.	Eiksund.....	61
7.	KOSTNADAR, HANDLINGSPLAN OG GEBYR	62
7.1.	Retningsliner for sjølvkost og gebyrberekning.....	62
7.2.	Driftskostnadar	62
7.3.	Investeringstiltak.....	62
7.4.	Kostnadar og gebyr	65
ORDLISTE	68	
KJELDER	70	

VEDLEGG

- Vedlegg 1 Oversikt over regelverk
Vedlegg 2 Krav i forureiningsforskrifta og lokal forskrift
Vedlegg 3 Kommunen si mynde - forureiningsforskrifta avløp
Vedlegg 4 Handlingsplan 2019-2029
Vedlegg 5 Kartvedlegg 001-007

1. INNLEIING

1.1. Generelt

Hovudplan for avløp er ein kommunedelplan. Arbeidet med hovudplanen er utført i samsvar med prosedyrekraava etter plan- og bygningslova (tbl) for utarbeiding av delplanar til kommuneplanen. Det kan lagast kommunedelplaner for bestemte områder eller tema (jf. tbl § 11-1). Kommuneplanen sin visjon og målsettingar er førande for hovudplanen, det same er kommuneplanen sin arealdel.

Hovudplanen for avløp skal vere eit styringsverktøy ved å

- informere om rammevilkår for avløpssektoren (lover, forskrifter m.m.)
- konkretisere og prioritere kommunen sine mål for avløp
- gi oversikt over tilstanden på avløpsanlegga i kommunen
- beskrive nødvendige tiltak på kort og lengre sikt, og prioritere desse
- vurdere økonomiske konsekvensar av tiltak

Hovudformålet med planen er å leggje til rette for at det blir bygd ut gode løysingar for oppsamling, transport, reinsing og utslepp av avløpsvatn i Ulstein kommune. Planen vil vere eit grunnlag for budsjett og økonomiplan.

Føremålet med planen er å setje mål for avløpssektoren på lang sikt, vurdere måla opp mot status i dag, for deretter å fastlegge tiltak som må til for å nå måla. Planen skal gi svar på korleis kommunen som eigar av avløpsanlegg skal

- oppfylle krav i lovverket
- oppfylle sjølvpålagte oppgåver og sørvis overfor abonnentane
- gi oversikt over investeringar og gebyrutvikling
- samordne utbygging av avløpsanlegg med andre kommunale planer

Eksisterande hovudplan for avløp vart vedteken i 2001. Det var planlagt å rullere planen kvart 4. år, men det vart ikkje utført. I kommunen sin planstrategi for 2014-2016 var det vedtatt at kommunen skulle revidere kommunedelplanen for avløp i 2014. Arbeidet starta opp, men ein kom ikkje i mål med planarbeidet. Avløpssituasjonen i Ulsteinvik vart utreda med blant anna forslag om ei ny avskjerande avløpsleidning frå RA1 Halseneset og austover mot Saunesmarka industriområde. Det vart og arbeida med problemstillinga med mykje framandvatn (bl.a. regnvatn) i eksisterande leidningsnett i Ulsteinvik.

1.2. Planperiode og vidare planprosess

Planperioden for hovudplanen er sett tilsvarende som for kommuneplanen sin arealdel, fram til 2029. Når det gjeld tiltak og handlingsplan er det lagt mest vekt på 4 års perioden 2019-2022. Det vil vere behov for å revidere hovudplanen innan 2022. Det er behov for å kartleggje eksisterande avløpsanlegg betre, spesielt i område med separate avløpsanlegg. Dette er lagt inn som tiltak i denne planen. Kommunen bør revidere handlingsplanen kvart år i samband med utarbeiding av budsjett og økonomiplan. Spesielt framdrift og kostnadar for dei ulike investeringstiltaka bør ein oppdatere undervegs.

Hovudplanen bør inngå i ein rullerande planprosess som er samordna med kommuneplanen. Dette inngår i kommunen sin planstrategi.

1.3. Kommunedelplan avløp 2001-2009

Eksisterande kommunedelplan for avløp vart vedtatt i 2001. Eit av hovudtiltaka i planen var bygging av reinseanlegg for hovudutsleppet på Halseneset. Det var fokus på opprydding av ureinsa utslepp og spreidd avløp innan 2009. Det var lagt til grunn meir utbygging av felles løysingar for avløp i område med spreidd avløp, tilsvarande som i tettbygde område. Hovudplanen var grunnlag for søknad om nytt utsleppsløyve til Fylkesmannen.

Opprydding var prioritert i følgande område:

1. Skeide
2. Ulsteinvik
3. Hasund
4. Eiksund

Det er utført tiltak i alle dei prioriterte områda etter at planen vart vedtatt, blant anna:

- Utsleppsløyve frå Fylkesmannen for avløpsområda Ulsteinvik og Skeide i 2002. For dei andre (mindre) avløpsområda var kommunen forureiningsmynde.
- Silanlegg RA1 Halseneset for Skeide og Ulsteinvik.
- Slamavskiljarane RA7 Sundgotmarka, RA8 Hasund, RA11 Vågane, RA13 Ytre Haddal, RA14 Indre Haddal, RA15 Havåg og RA17 Eiksund.
- Sanert mange ureinsa utslepp og etablert fleire pumpestasjonar.
- Lokal forskrift for mindre avløpsanlegg.

Målet om opprydding innan 2009 vart ikkje nådd. Det er spesielt i område med spreidd busetnad det ikkje er utført tiltak. Kommunen har ikkje søkt om nye utsleppsløyve for kommunale anlegg som ikkje var omfatta av utsleppsløyve frå Fylkesmannen.

1.4. Kommunen har ulike roller

Innanfor avløpssektoren har kommunen ulike roller. Kommunen er både forureiningsmynde og eigar av avløpsanlegg. Hovudfokuset i planen er knytt til oppgåver og ansvar som kommunen har som anleggseigar. Men planen omhandlar også private avløpsanlegg og kommunen si rolle som forureiningsmynde.

Kommunen har i utgangspunktet ikkje plikt til å byggje og drifta avløpsanlegg for innbyggjarane i kommunen, og det er såleis ikkje ei lovpålagt oppgåve for kommunen. Kommunen har likevel eit overordna ansvar for at dei sanitære forholda i kommunen er tilfredsstillande.

1.4.1. Kommunen som mynde

Kommunen er mynde for fleire område som involverer avløpssektoren, blant anna

- forureiningslova og forureiningsforskrifta
- plan- og bygningslova
- folkehelselova

Kommunen har mynde og plikt til å førebyggje og krevje tiltak mot forureining frå avløpsanlegg etter forureiningslova. Innanfor avløpssektoren er forureiningsforskrifta viktig, og det er gitt ei kort oversikt over forskrifter i kapitel 2.1 og vedlegg 2 og 3. Nettsida Miljøkommune.no er ein vegvisar i kommunal miljøforvaltning.

Kommunen er også plan- og bygningsmynde, og skal blant anna i byggjesaker syte for at det er tilfredstillande avløpsløsing før byggjeløyve vert gjeve. I sakshandsaminga er det viktig å skilje mellom vedtak i medhald i plan- og bygningslova og vedtak i medhald i forureiningsforskrifta.

1.4.2. Kommunen som anleggseigar

Kommunen har som eigar av avløpsanlegg ansvar for å følgje gjeldande lovverk, blant anna forureiningsforskrifta og internkontrollforskrifta.



Bilde 1 RA1 Halseneset. Foto: Asplan Viak.

2. RAMMEVILKÅR

2.1. Sentrale lover og forskrifter

Der er flere sentrale lover, forskrifter, rundskriv m.m. som regulerer forvaltninga innanfor avløpssektoren og drift av avløpsanlegg. I dette kapittelet er det tatt med nokre av rammevilkåra, men viser også til vedlegg 1.

2.1.1. Forureiningslova

Forureiningslova er svært sentral for avløpssektoren. Formålet til lova er blant anna å verne ytre miljø mot forureining og å redusere eksisterande forureining. Kostnadane med å hindre eller redusere forureining skal dekkjast av den som er ansvarleg for forureininga. Kapittel 4 *Særlege regler om avløpsanlegg mv.* gir blant anna heimel til rett og plikt til tilknyting til eksisterande avløpsanlegg, og gir kommunen ansvaret for tømming av slam frå slamavskiljarar mv. Kommunen har ei sentral rolle i dette arbeidet og er gitt mynde og plikter etter lova.

2.1.2. Forureiningsforskrifta

Del 4 i forureiningsforskrifta gjeld avløp (kapittel 11-15) og Del 4A gjeld kommunale vass- og avløpsgebyr. Formålet med forureiningsforskrifta del 4 om avløp er å beskytte miljøet mot forureining frå utslepp av avløpsvatn, og ivareta brukarinteresser som kan verte påverka av utslepp av avløpsvatn. Vassførekostane i Norge er delt inn i normale, følsame og mindre følsame område. Klassifiseringa har innverknad på kva reinsekrav som vert stilt for utsleppet. Forskrifta fastsett standardiserte krav for utslepp av kommunalt avløpsvatn, og krava frå avløpsdirektivet frå EU er integrert i forskrifta. Viser også til vedlegg 2 og 3.

For avløp er kommunen forureningsmynde for:

- *Kapittel 12. Krav til utsipp av sanitært avløpsvann fra bolighus, hytter og lignende.*
Gjeld utslepp av avløpsvatn mindre enn 50 pe.
- *Kapittel 13. Krav til utsipp av kommunalt avløpsvann fra mindre tettbebyggelser.*
Gjeld utslepp av avløpsvatn frå tettbusetnad med samla utslepp mindre enn 2000 pe til ferskvatn og elvemunning, og mindre enn 10.000 pe til sjø.
- *Kapittel 15. Krav til utsipp av oljeholdig avløpsvann.*
Gjeld blant anna oljeutskiljarar ved bensinstasjonar, bilverkstad m.m.
- *Kapittel 15A-4 Påslipp til offentlig avløpsnett.*
Kommunen kan stille krav til påslepp frå verksemder til offentleg avløpsnett med bakgrunn i drift av avløpsanlegg, arbeidsmiljø og disponering av avløpsslam.

Fylkesmannen er forureningsmynde for:

- *Kapittel 14. Krav til utsipp av kommunalt avløpsvann fra større tettbebyggelser.*
Gjeld utslepp av avløpsvatn frå tettbusetnad med samla utslepp større eller lik 2.000 pe til ferskvatn og elvemunning, og større enn 10.000 pe til sjø.
- *Kapittel 15A-5 Fotokjemikalieholdig avløpsvann og 15A-6 Amalganholdig avløpsvann.*

Etter kapittel 12 kan kommunen fastsetje lokal forskrift dersom det er naudsynt utifrå forhold som gjeld forureining eller brukarinteresser. Krava i lokal forskrift skal erstatte krava i § 12-7 til § 12-13.

2.1.3. Vassforskrifta

Vassforskrifta gjennomfører EU sitt vassdirektiv i norsk rett. Formålet med vassforskrifta er å verne, og om naudsynt, betre tilstanden i ferskvatn, grunnvatn og kystvatn. Vassforskrifta set rammer for fastsettjing av miljømål som best mogleg skal sikre heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassførekomstane. Det generelle målet i vassforskrifta er at alle vassførekomstane skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand, og miljømåla skal i utgangspunktet nåast innan 2021.

Vassforvaltninga etter vassforskrifta skal vere heilskapleg og samordna på tvers av sektorar.

Vannportalen (www.vannportalen.no) gjev informasjon om arbeidet med vassforskrifta. Vann-nett (www.vann-nett.no) og Vannmiljø (www.vannmiljø.miljodirektoratet.no) gjev informasjon om vassførekomstar, miljøtilstand, påverknader, miljømål, forslag til tiltak og data m.m.

2.1.4. Vass- og avløpsanleggslova

Lova fastslår at nye vass- og avløpsanlegg som hovudregel skal vere eigd av kommunar. Eksisterande vass- og avløpsanlegg kan berre seljast eller på annan måte overdragast av kommunar. Vesentleg utviding eller samanslåing av eksisterande private anlegg kan berre skje med løyve frå kommunen. Lova gjeld ikkje for mindre vass- og avløpsanlegg. Kommunen kan gje løyve til nye private vass- og avløpsanlegg, desse skal då organiserast som samvirkeføretak eigd av brukarane.

Lova slår fast at eigarar av fast eigedom som er tilknytt kommunalt vass- og avløpsanlegg har plikt til å betale vass- og avløpsgebyr til kommunen.

2.1.5. Internkontrollforskrifta

Internkontrollforskrifta pålegg alle verksemder som sysselset arbeidstakrar å ha eit systematisk helse- miljø- og sikkerheitsarbeid. Dette gjeld også innanfor avløpssektoren.

2.2. NOU – Noregs offentlege utgreiinger og Nasjonale mål for vann og helse

Det er laga fleire NOU-ar som er aktuelle for avløpssektoren, blant anna:

- NOU 2015:16 – Overvann i byer og tettsteder
Overvann som problem og ressurs
- NOU 2010:10 Tilpassing til eit klima i endring
Samfunnet si sårbarheit og behov for tilpassing til konsekvensar av klimaendringane

Nasjonale mål for vann og helse ble vedtatt av regjeringen i 2014 som oppfølging av internasjonal Protokoll om vann og helse som Norge ratifiserte i 2004. Måla er vedtatt for å oppnå tilstrekkeleg forsyning av reint vatn og tilfredsstillande sanitære forhold for alle. Det er vedtatt målsettingar innanfor 14 målområder som omfatter drikkevatn, badevatn, avløp og gjødselvare, herunder avløpsslam.

2.3. Regionale planar

Fylkestinget er regional planmynde og har ansvar for arbeidet med den regionale planlegginga. Planane skal ligge til grunn for fylkeskommunal verksemd, og er retningsgivande for kommunal og statleg planlegging og verksemd i fylka.

Ei liste over aktuelle planer ligg på heimesida til Møre og Romsdal fylkeskommune:

<http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging>

2.3.1. Regional plan for vassforvaltning i Vassregion Møre og Romsdal 2016-2021

Planen skal vere eit oversiktsdokument på regionalt nivå over korleis ein ønskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i vassregionen i eit langsigttig perspektiv. Planen har også tilhøyrande tiltaksprogram og handlingsprogram. Miljømåla som er fastsette for vassførekostane i forvaltningsplanen er styrande for planlegginga og verksemda til ansvarlege mynde. Føremålet er å leggje til rette for tydelege prioriteringar slik at ein kan ta tak i dei viktigaste utfordringane og dei største påverknadane først. Etatane skal også ta omsyn til kostnadseffektive tiltak.

For avløp er spesielt spreidd avløp ei utfordring i alle vassområda. Kommunane er myndighet på dette området, og fleire har rapportert at dei ikkje har ressursar og kapasitet til å følgje opp sektoransvaret sitt slik dei skal. Det har derfor vore prosessar i vassområdet der ein har sett på moglegheiter for interkommunalt samarbeid om oppgåvane (tilsynsordning, kartlegging, undersøkingar og liknande).

Ulstein kommune er ein del av Søre Sunnmøre vassområde. Tiltak og vassførekostar som er høgt prioritert i Søre Sunnmøre vassområde er vist i kapittel 3.7 *Prioriteringar i arbeidet*, tabell 5:

- *Fosnavågen og Lyngnesvika: miljøgifttiltak og Fylkesmannens prioriteringar.*
- *Grøne korridor: følgje opp undersøkingar.*
- *Mørevassdraget: vurdere tiltak.*
- *Spreidd avløp: interkommunalt samarbeid.*

2.3.2. FylkesROS for Møre og Romsdal

Viser til kapittel 5 Vatn og avløp i rapporten. Ein tilfredsstillande vassforsyning og avløpshandtering er ein føresetnad for eit moderne samfunn.

Kort oppsummering frå FylkesROS for vatn og avløp:

Klimaendringar med auka nedbør og auka frekvens av korttidsnedbør vil saman med urbanisering og byfortetting legge press på VA-infrastrukturen. Spesielt er systemet sårbart på grunn av vedlikehaldsetterslep av leidningsnettet. VA-sektoren, og forvaltninga av denne, er fragmentert. Dette gjer VA-sektoren uoversiktleg, og heilskapleg forvaltning vanskeleg.

2.4. Kommunale planar og lokale forskrifter

2.4.1. Kommunal planstrategi

I kommunal planstrategi 2014-2016 for Ulstein kommune er det tilrådd å utarbeide ny hovudplan for avløp.

2.4.2. Kommuneplan og tilhøyrande arealdel

Kommuneplan, Samfunnssdel – Ulstein kommune 2017-20209 vart vedtatt i 2017. Samfunnssdelen av kommuneplanen er strategiplanen for kommunen, og er saman med økonomiplan, årsbudsjett og arealdelen til kommuneplanen det viktigaste overordna styringsverktøyet kommunen har. Sentrale problemstillingar i samfunnssdelen er næringsutvikling, digitalisering, samferdsel, utvikling i befolkning og levevilkår, og folkehelse.

Ulstein kommune hadde ca. 6.500 innbyggjarar i 2000. I 2016 passerte kommunen 8.500 innbyggjarar. I SSB si framskriving av folkevekst frå 2016 og framover (middel alternativ) aukar folketalet med 22,4 % fram til 2030.

Kommuneplanen sin arealdel set fast framtidig arealbruk for kommunen, og er ved kommunestyret sitt vedtak bindande for nye tiltak eller utvidingar av eksisterande tiltak. Det er utarbeida utkast til ny arealplan.

For utbyggingsområde er det blant anna prioritert:

- Fortetting eller utviding av allereie utbygde område.
- Lokalisering av nye utbyggingar med utgangspunkt i eksisterande infrastruktur.
- Legge til rette for bustadbygging i alle krinsar.

Det er utarbeida utkast til føresegner og retningslinjer til kommuneplanen sin arealdel, desse gir blant anna føringar for

- plankrav, rekkefølgjekrav og utbyggingsavtalar
- landskap og grønstruktur
- tekniske anlegg
- spreidd bustadbygging
- høgdeplassering av bygg ved sjøen
- flaumvegar og overvasshandtering

2.4.3. Andre kommunale planar

- Trafikktryggingsplanen, april 2016
- Klimaplan for Ulstein 2009-2014
- Hovudplan for vassforsyning 2014-2019
- Kystsoneplan (under utarbeiding)

2.4.4. Forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg

Forskrift om utslepp av avløpsvatn (FOR-2010-06-17-1002) er ei lokal forskrift gjeldande frå 17.06.10. Den gjeld for utslepp av sanitært avløpsvatn for bustader, fritidsbustader, turistverksemder og liknande mindre enn 50 personekvivalentar (pe) i Ulstein kommune. Krava i denne forskriften erstattar krava i § 12-7 til § 12-13 i forureiningsforskrifta. Nokre resipientar i kommunen er definert som

sårbare sjøresipientar, og det er fastsett kva ferskvatn som det kan gjevast løyve til utslepp. Forskrifta set krav til blant anna reinsekrav, utsleppsdjupne og utsleppsstad.

2.4.5. Forskrift for slamhandtering, Hareid og Ulstein kommunar

Forskrift for slamhandtering (FOR-2016-04-28-1422) er ei lokal forskrift gjeldande frå 01.01.17. Den har som formål å sikre miljømessig, økonomisk og helsemessig forsvarleg tømming av alle private slamavskiljarar, fellesanlegg og tette anlegg i kommunane. Forskrifta regulerer korleis Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS (SSR) på vegne av medlemskommunane skal oppfylle krav til handtering av slam etter forureiningslova. Kommunale fellestankar og reinseanlegg som produserer silslam er ikkje omfatta av denne forskrifta.

2.4.6. Normer og reglement

- VA-norm – godkjent av kommunestyret i 2008, sist revidert 12.01.17.
- Standard abonnementsvilkår for vann og avløp (KS) jf. vedtak i kommunestyret i 2008.

2.5. Klimaendringar

Det er forventa eit endra klima framover med blant anna meir intens nedbør og havnivåstigning. Dette vil auke utfordringane med handtering av overvatn for avløpsanlegg. Havnivåstigning vil føre til at stormflo og bølger strekk seg lenger inn på land enn det som er vanleg i dag. For avløpsnettet kan dette føre til auka problem med innlekkning og tilbakeslag av sjøvatn i leidningsnett nær kysten.

Nettsida www.klimatilpasning.no gir rettleiing til klimatilpassing og er eit samarbeid mellom fleire statlege etatar. På Klimatilpasning.no er det utarbeida fylkesoversikt over klimaendringar.

Møre og Romsdal:

- Årsnedbøren er berekna å auke med 15 %, med størst auke på sommaren og minst for våren.
- Episodar med kraftig nedbør aukar vesentleg både i intensitet og frekvens. Inntil vidare tilrår ein klimapåslag på minst 40 % på regnskyll som varer under 3 timer. Endringane i kraftig nedbør vil stille større krav til handtering av overvatn i utbygde strok i framtida.
- Havnivåstigning kan føre til at stormflo og bølgjer gjer skade på busetnad og infrastruktur der ein i dag ikkje har registrert skadar. For havnivåstigning er det tilrådd å nytte 57-77 cm (avhengig av kommune) som tillegg for havnivåstigning med klimapåslag.

På www.kartverket.no/sehavniva er det framskrivinger for havnivåendring fram til år 2100 for alle kommuner. For utsleppssenario med høge utslepp av klimagassar er auke i havnivå berekna til 52 cm (21-84 cm) for Ulstein kommune for år 2100.

Det er utarbeida fleire rapportar og rettleiingar for klimatilpassing, blant anna

- Havnivåstigning og stormflo, Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) 2016
- Klimatilpasningstiltak innen vann og avløp i kommunale planer, Norsk vann rapport 190-2008
- Veileddning i klimatilpasset overvannshåndtering, Norsk vann rapport 162-2008

3. MÅL

3.1. Overordna mål

For planperioden er ambisjonen at

- alle ureinsa utslepp skal vere sanert
- avløpsanlegg tilfredsstiller krav i forureiningsforskrifta
- utslepp av avløpsvatn ikkje fører til at miljøtilstanden i vassførekomstar vert forringa, og at dei skal vere godt eigna for bading, rekreasjon og fiske

I tillegg til målsettingar for miljø skal kommunen også vektlegge

- god teknisk funksjon og tilstand for avløpsanlegg
- tilrettelegging av avløppssystem for utbygging av områder avsett i kommuneplanen
- kostnadseffektiv utbygging, drift og vedlikehald av avløpsanlegg
- at avløpssektoren er sjølvfinansiert ved gebyr

3.2. Delmål

Resipientar

- Redusere forureining frå overløp, utlekking og feilkoplingar på leidningsnettet. Prioritere tiltak ved sårbare recipientar.
- Alle offentlege badeplasser skal ha god badevasskvalitet.

Forureiningsmynde og private avløpsanlegg

- Alle avløpsanlegg skal vere registrert med lokalisering (reinseanlegg og utsleppspunkt), type anlegg og tilstand.
- Alle avløpsanlegg skal ha godkjent utsleppsløyve.
- Kommunen skal føre tilsyn med at avløpsanlegga stettar krava i forureiningsforskrifta.
- Sanere mindre avløpsanlegg ved tilkopling til felles avløpsanlegg dersom det er fornuftig ut i frå ei kost-/nyttevurdering.
- Kommunen skal ha oversikt over alle oljeutskiljarar og føre tilsyn med desse.
- Kommunen skal ha kompetanse og kapasitet til å utføre oppgåver og tilsyn som mynde.

Kommunale avløpsanlegg og utslepp

- Avløpsanlegga skal minst ha standard og utforming som dekkjer krava i gjeldande regelverk. Anlegga skal vere utforma slik at helse, miljø og sikkerheit er ivareteke for driftspersonell.
- Bebygde eigedomar innanfor reindistriktet skal vere tilkopla felles avløpsanlegg.
- Avløpsnettet skal ha tilstrekkelig kapasitet, både i forhold til forventa klimaendringar og auke i befolkninga.
- Alle overløp skal vere kartfesta. Overløp frå pumpestasjonar og reinseanlegg skal ha berekna eller registrert driftstid.
- Djupn, posisjon og dimensjon på alle utsleppsleidningar frå reinseanlegg og overløp skal vere kjent.

- Redusere mengda framandvatn i avløpsnettet (regnvatn, sjøvatn m.m.), meir av overvatnet må handterast på overflata.
- Etablere flomvegar på overflata slik at ekstrem nedbør vert handtert utan skade på busetnad, avløpsnett og anna infrastruktur.
- Redusere talet på tilbakeslag på avløpsnettet.
- Kommunen skal ha oversikt over alle industripåslepp, og ved behov utarbeide påsleppsavtalar.
- Kommunen skal ha oversikt over alle feittavskiljarar, og føre kontroll med at desse vert tømt regelmessig.
- Årleg fornying av avløpsnettet skal vere om lag 1 %.
- Aktiv bruk av driftskontrollsystemet og FDV-system.
- Oppdatert internkontrollsystemet (IK-system).
- Kommunen skal ha kompetanse og kapasitet til effektiv planlegging, forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale avløpsanlegg.

Leidningskart

- Kommunen skal ha eit oppdatert leidningskart, både for kommunale og private avløpsanlegg, inkludert private stikkledningar.
- Kommunen skal registrere alle driftshendingar på leidningsnettet og pumpestasjonar, enten i leidningskartet eller eige FDV-system.

Økonomi og kundeservice

- God informasjon på kommunen si heimeside om kommunale forskrifter, gebyr, vaktordning.
- Registrere klager og setje i verk tiltak der det er mogleg.
- Meldingar frå publikum om driftsproblem mv. skal svarast på snarast og seinast innan 3 veker.

4. EKSISTERANDE TILSTAND OG SITUASJON

4.1. Resipientar og vassmiljø

Vassregion Møre og Romsdal er delt inn i 5 vassområde. Ulstein kommune er ein del av Søre Sunnmøre vassområde. I Ulstein kommune er det registrert følgjande vassførekomstar i Vann-nett:

Tabell 1 Vassførekomstar i Ulstein kommune. Kjelde: Vann-nett.

Vasstype	Stk.	Storleik (km ²)
Elv og bekkefelt	14	102,73
Innsjø	3	0,84
Kyst	11	859,84
Brakkvatn	0	0
Grunnvatn	0	0
Vassførekomstar totalt	28	

Miljøtilstanden er klassifisert for vassførekomstane og det er vurdert om det er risiko at ein ikkje når miljømåla innan 2021 for dei ulike føremidlene jf. vassforskrifta.

Alle sjøområde i Ulstein kommune er i utgangspunktet definert som mindre følsamt område og alle ferskvassresipientar er definert som normale område jf. forureiningsforskrifta. Viser til vedlegg 2 om områdeinndeling.


Kommunen har gjennom lokal forskrift definert nokre område som sårbarer sjøresipientar. I lokal forskrift er det og vurdert kva ferskvassresipientar som ein kan gje løye til utslepp av avløpsvatn, og det er sett forbod mot nye utslepp til nokre ferskvassresipientar. Viser til vedlegg 2.

I tillegg til miljøomsyn er det og krav til omsyn til brukarinteresser til resipienten ved utslepp av avløpsvatn.


4.1.1. Sjø

Dei største sjøområda rundt Ulstein kommune er Breidsundet, Rundafjorden, Ulsteinfjorden og Vartdalsfjorden. Fjordområdet mellom Herøy og Ulstein kommune ein del av «Den Grøne Korridoren» og omfattar blant anna Søylene, Lyngnesvika, Steinsfjorden, Botnvika og Haddalsvika (sjå Figur 4). Området består av djupe basseng som er skilt frå kvarandre med grunnare tersklar. På grunn av tersklane vert utskiftinga av djupvatnet i periodar svært liten. Ved tilførsel av organisk materiale til desse bassenga kan det føre til kritiske oksygenforhold og redusert botnfauna. Området er sårbart for forureiningar, både frå avløp, industri og landbruk.

Runde Miljøsenter AS undersøkte «Den Grøne Korridoren» i 2008-2009 og klassifiserte den økologiske statusen. Viser til rapporten *The «Green Corridor» Water Quality and Ecological Benthic Communities Revisited in a Western Norwegian Fjord System, 2009*. Undersøkinga viste at utskifting av botnvatn skjer uregelmessig gjennom vinteren både i indre- og ytre fjordområde, dette vart ikkje observert på lokaliteten Garnes. Bassenget er her avstengd med den smale og grunne terskelen i Dragsundet som er ein «flaskehals» i systemet. Dei indre- og ytre stasjonane kan klassifiserast som "moderate" eller "gode", medan stasjonane Garnes og Haddalsvika på begge sider av «flaskehalsen» Dragsund vert klassifiserte som "svært dårlig". Samanlikna med tidlegare undersøkingar i 1984 utført av NIVA var vasskvaliteten samanliknbar med omsyn på oksygen og botndyr både i indre- og ytre strok av korridoren, medan den var signifikant forverra nær «flaskehalsen» i Garnes og Haddalsvika. Ytterlege undersøkingar vart tilrådd.



Figur 1 Kart som viser registrerte prøvepunkt (permanente). Kjelde: Vannmiljø.




Figur 2 Botnavika/Vedøydjupet, Garnesvika og Haddalsvika med Marine Grunnkart. Kjelde: Sunnmørskart.

Tabell 2 Økologisk tilstand og kjemisk tilstand. Kjelde: Vann-nett.no.

Resipient	Vasstype	Økologisk tilstand	Kjemisk tilstand	Risiko-vurdering
Breidsundet	Open eksponert kyst	Antatt god	Udefinert	Ingen risiko
Rundafjorden	Open eksponert kyst	God	Udefinert	Ingen risiko
Steinsfjorden	Beskytta kyst/fjord	God	Udefinert	Ingen risiko
Søylene	Beskytta kyst/fjord	Moderat	Ikkje god	Risiko
Lyngnesvika	Beskytta kyst/fjord	Antatt moderat	Ikkje god	Risiko
Botnavika	Beskytta kyst/fjord	Dårlig	Udefinert	Risiko
Haddalsvika	Beskytta kyst/fjord	Svært dårlig	Udefinert	Risiko
Leikongbukta	Beskytta kyst/fjord	Moderat	God	Risiko
Hallefjorden-Rovdefjorden	Beskytta kyst/fjord	Antatt god	Udefinert	Ingen risiko
Vartdalsfjorden	Beskytta kyst/fjord	Antatt god	Udefinert	Ingen risiko

Det er påvist forureina sjøbotn i Lyngnesvika og Søylene. Det er mange hamner- og fjordområde i Norge der sjøbotnen er sterkt forureina av miljøgifter fra blant anna industri og skipsverft.

Myndighetene har laga fylkesvise tiltaksplanar for 29 områder langs kysten, og 17 områder er prioritert for tiltak. Det er gjort undersøkingar ved 100 av dei skipsverfta som ein antok var mest forureina. Nokre av verfta får pålegg om tiltak, det er Fylkesmannen som følger opp dette.

*Figur 3 Kart som viser økologisk tilstand for kystvatn. Kjelde: Vannmiljø.*

Manglande reinsing, utslepp fra overløp og dårleg fungerande leidningsnett kan føre til lokale ulemper fra avløpsvatn fleire stader langs fjord og sjø. Det største utsleppet av avløpsvatn i Ulstein kommune går til Ulsteinfjorden som er rekna som ein robust recipient grunna god vassutskifting. Kommunen har fleire mindre utslepp til sjøområde der tilstanden er dårlegare, blant anna Søylenes, Lyngnesvika, Botnavika, Haddalsvika, og Leikongbukta. Desse områda er ein del av det som vert rekna som «Den Grøne korridor».




Figur 4 Del av område som vert rekna som «Den Grøne korridor». Kjelde: Vannmiljø.

I lokal forskrift om utslepp av avløpsvatn er det definert følgjande sårbare sjøresipientar i kommunen:

- Garsholhølen
- Botnavika/Vedøydjupet
- Garnesvika
- Haddalsvika
- Småsunda (Selvågholmen-Havågneset)

Utslepp til Lyngnesvika må i kvar sak vurderast enkeltvis då denne resipienten kan verte aktuelt å sjå på som sårbar. Det er utarbeida eit eige oversiktskart som vedlegg til forskrifta, sjå Figur 5.

I lokal forskrift er det strengare reinsekrav til sårbare sjøresipientar enn til gode sjøresipientar for avløpsanlegg under 50 pe, viser til vedlegg 2. For utslepp til desse resipientane er det ikkje tilstrekkeleg å reinse avløpsvatnet ved mekaniske reinseanlegg som slamavskiljarar eller silanlegg. Det er behov for å bygge kjemiske og/eller biologiske reinseanlegg for å innfri reinsekrava.



Figur 5 Sårbare sjøresipientar jf. lokal forskrift, Ulstein kommune. Kjelde: Lovdata.

4.1.2. Ferskvatn


Mindre vann og elvar kan være sårbare i forhold til utslepp av næringssalt og organisk materiale. Tilførsel av næringssalt og organisk materiale utover den naturlege tålegrensa kan føre til eutrofiering og begroing.

Fleire av elvane og vatna i kommunen ligg i området utan busettning i nedslagsfeltet. Vassførekommstar som kan være påverka av avløpsvatn er blant anna vist i tabellen under.

Tabell 3 Vassførekommstar som kan vere påverka av avløpsvatn.

Ferskvatn	Elvar
Aursnesvatnet	Indrefløelva
Garnesvatnet ved Garnes	Ulsteinelva
Sundgotvatnet	Vikelva
Kjerringnesvatnet	Sauneselva
Fjellsvatnet	Haddalselva
Løsetvatnet	

Økologisk tilstand i elvane er klassifisert som god på Vann-nett, men for fleire av vassførekommstane er graden av påreknelegheit sett som lav grunna mangelen på informasjon.



Figur 6 Vasskvalitet elvar, økologisk tilstand. Kjelde: Vannmiljø.

I lokal forskrift om utslepp av avløpsvatn er det vedtatt at kommunen kan gje løyve til utslepp av avløpsvatn til desse ferskvassresipientane, jf. § 7:

- Haddalselva med tilhøyrande nedbørfelt
- Ulsteinelva med tilhøyrande nedbørfelt
- Naturlege innsjøar og vatn

Desse recipientane vert vurdert til å ha ei årleg sikker vassføring.

Det er eit generelt forbod mot nye utslepp av avløpsvatn i følgjande område jf. § 8:

- I nedbørsfelt til drikkevatn
- Aursnesvatnet
- Garnesvatnet (ved Garnes)
- Alle elvar og vassdrag som ikkje er nemnd i § 7.

Vatn, elvar og bekkar vert i liten grad nytta til recipientar for større utslepp av avløpsvatn, men det er fleire mindre utslepp til ferskvatn. Det er ikkje registrert utslepp over 50 pe til ferskvatn i kommunen. Sjølv om det ikkje er utslepp til ferskvatn frå reinseanlegg kan dei likevel vere påverka av avløp på grunn av utslepp frå overløp, lekkasjar frå leidningsnett og därleg fungerande enkeltanlegg med infiltrasjon til grunnen.

I Vikeelva i Ulsteinvik sentrum var det i 2014 påvist høge verdiar av bakteriar frå avløpsvatn, dette kom blant anna frå feilkoplinger på leidningsnettet. Kommunen har retta fleire feilkoplinger, men der kan vere fleire feil på leidningsnettet som ikkje er avdekka.

4.1.3. Brukarinteresser

Det kan vere ulike brukarinteresser for ein recipient som mottek utslepp av avløpsvatn. Eksempel på brukarinteresser er drikkevassforsyning, badeplassar, naturreservat, friluftsliv, turisme, fiskeoppdrett, og bruk av sjøvatn i fiskeforedlingsprosessar.

Kommunale drikkevasskjelder med tilhøyrande nedslagsfelt (Mosvatnet, Garnesvatnet og elv frå Mørkevatnet) er tilstrekkeleg beskytta. Men det kan vere mindre kjelder for drikkevatn til private anlegg (brønnar m.m.) som kan ha risiko for påverknad av avløpsvatn.

Det blir ikkje teke regelmessige prøver av tarmbakteriar ved badeplasser i kommunen, men det har blitt tatt sporadiske prøver. Resultat frå desse prøvene har vist god badevasskvalitet. Hamnesanden, Roppesanden på Flø og Osnessanden er eksempel på område som blir brukt til bading.

I utkast til arealdelen av kommuneplanen med tilhøyrande føresegner og retningslinjer er det vist område med restriksjonar (§ 10 i føresegne). Omsynsonene skal vise omsyn og restriksjonar som har verknad for bruken av området. Det er omsynsoner for blant anna nedslagsfelt for drikkevatn, byggjegrense langs sjø og vassdrag, område som er bandlagde etter naturvernlova og vassdragslovgjevinga.

Det er starta arbeidet med å utarbeide felles kystsoneplan for fem kommunar (Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven). Planen skal blant anna koordinere bruk, forvaltning og forsking i sjøområda, avdekke og avklare interessekonflikter, sikre viktige område for næringsutnytting, ferdsel, friluftsliv, vern av natur og kulturminner m.m.

4.2. Tettbusetnad

SSB har utarbeida kart over tettbusetnadar iht. forureiningsforskrifta på oppdrag frå Miljødirektoratet, sist i 2011. I Ulstein kommune er følgjande tettbusetnadar vist i kartet:

- Ulsteinvik (5621 innbyggjarar)
- Haddal (307 innbyggjarar).



Figur 7 Kart over tettbusetnad Ulsteinvik pr. 2011. Kjelde: Miljødirektoratet/SSB.

I samband med arbeidet med hovudplanen er det gjort ei grov vurdering av storleiken på Ulsteinvik tettbusetnad i 2018. Tabell 4 viser reinsedistrikt som er inkludert i tettbusetnaden.

Tabell 4 Pe i rensedistrikt i tettbusetnad Ulsteinvik.

Reinsedistrikt	RA	Utslepp	Berekna pe 2018
Ulstein	RA3 Kolbeinhaugane	U2	210
Ulsteinvik	RA1 Halseneset	U4	6100
Strandabø	RA4 Strandabø	U12A	165
Hasund	RA8 Hasund	U13	40
Sundgot	RA6 og RA7	U15	690
Kleven	RA16A, RA16B og RA16C	U16A, U16B, U16C	480
Gjerde	RA9 Gjerde	U17A	50
Skjerva	Private slamavskiljarar	U17	65
Sum			7800

Viser til kapittel 6 for informasjon om rensedistrikta.

I SSB si framskriving av folkevekst frå 2016 og framover (middel alternativ) aukar folketalet i kommunen med 22 % fram til 2030 og 34 % fram til 2040. Alternativet med høg nasjonal vekst vil gi 50 % auke i folketalet fram til 2040. Ved fortetting vil størsteparten skje i sentrum og sentrumsnære område som ligg i tettbusetnaden Ulsteinvik.

Ulsteinvik tettbusetnad var registrert med 5621 innbyggjar i 2014. Det er berekna at tettbusetnaden omfattar om lag 7.800 pe i dag. Det er rekna at talet på pe samsvarar med folketalet for dei fleste reinsedistrikta då der ikkje er tilknytt bedrifter med høgt innhald av organisk stoff som for eksempel meieri, slakteri eller næringsmiddelindustri. For Ulsteinvik sentrum er det lagt til eit påslag på om lag 600 pe for bedrifter, skular og sentrumsfunksjonar.

Når samla utslepp frå tettbusetnaden blir over 10.000 pe til sjø gjeld kapittel 14 i forureiningsforskrifta, der Fylkesmannen er mynde. Utifrå SSB si framskriving av folkevekst frå 2016 og framover kan tettbusetnaden Ulsteinvik nå 10.000 pe i 2040. For planperioden 2019-2029 legg ein til grunn at Ulstein kommune er forureiningsmynde for alt kommunalt avløpsvatn i kommunen, jf. kapittel 13 i forureiningsforskrifta.

4.2.1. Konsekvensar når tettbusetnad Ulsteinvik vert over 10.000 pe

For avløpsanlegg over 50 pe som mottek avløpsvatn frå tettbusetnaden Ulsteinvik vert krava strengare når den vert over 10.000 pe, blant anna

- krav om sekundærrensing, minimum primærreinsing ved dispensasjon
- krav om akkreditert prøvetaking
- krav om å registrere eller beregne driftstid for utslepp frå overløp

Reinsekrav etter kapittel 14 ved utslepp til sjø (mindre følsamt område) er i utgangspunktet sekundærreinsing, viser til vedlegg 2. Fylkesmannen kan fastsette mindre omfattande reining dersom:

- ein kan klassifisere resipienten som mindre følsam, jf. vedlegg 1 punkt 1.1. til kapittel 11,
- utsleppa vert minst reinsa ved primærreinsing,
- den ansvarlege kan vise gjennom grundige undersøkingar at utsleppa ikkje har skadeverknader på miljøet.

Når tettbusetnaden Ulsteinvik vert over 10.000 pe kan kommunen søkje om dispensasjon frå sekundærreinsekravet. Då må kommunen gjennomføre resipientundersøkingar minimum kvart 4. år som stadfester at utsleppa ikkje har skadeverknader på miljøet.


I tettbusetnaden Ulsteinvik er det fleire reinseanlegg, viser til Tabell 4. For RA1 Halseneset vart det sett krav om primærreinsing i utsleppsløyve som vart gitt i 2002. Anlegget vart bygd etter at forureiningsforskrifta vart vedtatt, og er bygd for å stette gjeldande krav i kapittel 13 med moglegheit for oppgradering til primærreinsing. RA1 har utslepp til Ulsteinfjorden som er klassifisert som mindre følsam, så det er møgleg å søkje om dispensasjon frå kravet om sekundærreinsing. Det vil bli strengare krav til prøvetaking enn det anlegget har i dag. Det har vist seg at det er fleire silanlegg i Norge som har problem med å klare primærreinsekravet.

Dei andre reinseanlegga i tettbusetnaden er slamavskiljarar og desse vil truleg ikkje klare kravet om primærreinsing, der er heller ikkje lagt til rette for akkreditert prøvetaking ved desse anlegga. Nokre reinseanlegg har og utslepp til resipientar som kanskje ikkje vert klassifisert som mindre følsame i framtida. Eksempel på dette er Lyngnesvika som er resipient for fleire utslepp frå kommunale avløpsanlegg. I lokal forskrift er det opplyst at Lyngnesvika kan verte aktuelt å sjå på som sårbar. Ein vil ikkje få dispensasjon frå sekundærreinsekravet om resipienten ikkje er klassifisert som mindre følsam.

Ved etablering av nye reinseanlegg eller ombygging av eksisterande anlegg som ligg i tettbusetnaden Ulsteinvik, bør det gjerast ei vurdering av konsekvensar av framtidig krav dersom anlegget vert omfatta av kapittel 14 i forureiningsforskrifta i framtida med tanke på at reinseanlegga har lang levetid.

4.3. Avløpsanlegg mindre enn 50 pe (kapittel 12)

Dei fleste private avløpsanlegga i kommunen er under 50 pe, og høyrer til kapittel 12 der kommunen har vedtatt lokal forskrift. Avløpsløysinga for private anlegg er i hovudsak ein slamavskiljar med utslepp til sjø eller landbruksgrøfter, nokre få tette tankar og biologisk anlegg. Det er om lag 380 slamavskiljarar som er tilknytt private utslepp i kommunen. For nokre av slamavskiljarane er det knytt fleire bustader til same slamavskiljar.



Figur 8 Oversikt som viser eide domar med slamavskiljar tilknytta private utslepp.

Tabell 5 Slamavskiljarar tilknytta private utslepp og tette tankar.

Slamavskiljarar, volum (m³)	Stk.
0,4 – 1,5 m ³	162
2,0 – 3,5 m ³	99
4,0 – 8,0 m ³	113
Sum slamavskiljarar	374
Tette tankar	5
Sum slamavskiljarar og tette tanker	379

I nokre område har bustadar som er tilknytt kommunalt avløpsanlegg eigen privat slamavskiljar, desse slamavskiljarane er ikkje med i tabellen eller kartet ovanfor.

Ein standard slamavskiljar for eit bustadhus er i dag 4 m³ med tre kammer. Som tabellen viser er ein stor del av slamavskiljarane små, og stettar ikkje dagens krav. Over 40 % av slamavskiljarane som er tilknytt private utslepp er mindre enn 2 m³, og fleire av desse har nok berre eit kammer. Omlag 70 % av slamavskiljarane er mindre enn dagens standard for slamavskiljarar på 4 m³. Nokre av desse slamavskiljarane er tilknytt hytter og fritidsbustadar, men det tyder likevel på at det er behov for å oppgradere mange av avløpsanlegga for å tilfredsstille dagens reinsekrav i lokal forskrift.

Fleire av avløpsanlegga har utslepp til sårbare sjøresipientar og ferskvatn som i lokal forskrift har strengare reinsekrav enn det som gjaldt når anlegga vart etablert. Eldre utsleppsløyve er framleis gjeldande, men kommunen kan gje enkeltvedtak om å oppgradere avløpsanlegg ved oppheving av eksisterande utsleppsløyve jf. § 18 i forureiningslova.

Mindre avløpsanlegg vil i hovudsak verte nytta i LNF-område (Landbruk-, natur- og friluftsområde), men kan også vere aktuelt i tettbygd område der det ikkje er utbygd offentleg eller felles privat avløpsanlegg.

Det er ikkje opna for mykje ny utbygging i LNF-områder i utkast til arealplan. I utkast til føresegner og retningsliner for kommuneplanen sin arealplan er det gitt føringar for tiltak i LNF-områder i § 8 *Arealformål landbruks-, natur- og friluftsområder*. Det er ikkje tillate med frådeling eller bygging av bustadhus som ikkje er knytt til stadbunden næring. Det er tillate å byggje kårbustad (hus nr. 2) dersom bustaden er naudsynt ut frå drifta på gardsbruket. I område LNFB-1 Garnes er det opna opp for spreidd bustadbygging utan reguleringsplan, det kan etablerast inntil 6 bustadeigedomar.

4.4. Avløpsanlegg over 50 pe (kapittel 13)

Avløpsanlegg over 50 pe høyrer til kapittel 13 i forureiningsforskrifta, utslepp frå mindre tettbusetnader. Dei fleste anlegga over 50 pe er kommunale, men det er og nokre private anlegg.

Tabell 6 Avløpsanlegg/utslepp over 50 pe.

Nr.	Namn	Utslepp	Eigar	Reinsing	Recipient
RA1	Halseneset	U4	K	Silanlegg	Ulsteinfjorden
RA2	Flø	U1A	K	Slamavskiljar	Rundafjorden
RA3	Kolbeinhaugane	U2	K	Slamavskiljar	Ulsteinfjorden
RA4	Strandabø	U12A	K	Slamavskiljar	Lyngnesvika
RA5	Garshol	U14	K	Slamavskiljar	Botnavika
RA6	Sundgotmarka (Kjerringnesmyra)	U15	K	Slamavskiljar	Botnavika
RA7	Sundgotmarka	U15	K	Slamavskiljar	Botnavika
RA8	Hasund	U13	K	Slamavskiljar	Lyngnesvika
RA9	Gjerde	U17A	K	Slamavskiljar	Lyngnesvika
	Skjerva (bustadane har eigen privat slamavskiljar)	U17	P	Slamavskiljarar	Søylene / Vågevika
RA11	Vågane	U18	K	Slamavskiljar	Søylene / Vågevika
RA12	Hellestøa	U19	K	Slamavskiljar	Søylene / Hellestøda
RA13	Ytre Haddal	U21	K	Slamavskiljar	Haddalsvika
RA14	Indre Haddal	U22	K	Slamavskiljar	Haddalsvika
RA15	Havåg	U25	K	Slamavskiljar	Selvågdjupet / Eiksundet
RA16A	Klevan	U16A	P	Slamavskiljar	Lyngnsevika
RA16B	Klevan	U16B	P	Slamavskiljar	Lyngnesvika
RA16C	Klevan	U16C	P	Slamavskiljar	Lyngnesvika
RA17	Eiksund Indre	U28	K	Slamavskiljar	Eiksundet

I tillegg til at kommunen er driftsansvarleg for eigne avløpsanlegg, er kommunen også forureiningsmynde for avløpsanlegga i kommunen. Det betyr at kommunen har tilsynsansvar overfor eigne anlegg, og skal sjå til at desse følgjer krav i forureiningslova med forskrifter. Kommunen har ikkje utført tilsyn med kapittel 13 reinseanlegg. I kapittel 6 Reinsedistrikt er det informasjon om kvart ein skild avløpsanlegg.

4.5. Oljeutskiljarar og påslepp (kapittel 15)

Kommunen har i dag ikkje oversikt over alle oljeutskiljarar i kommunen, og utfører ikkje kontroll av desse, jf. kapittel 15 i forureiningsforskrifta.

Kommunen har avtale om påslepp til offentleg avløpsnett med to verksemder.

4.6. Slamtømming

Kommunen har i medhald av forureiningslova § 26 ansvar for tømming av slamavskiljarar og tette tankar. SSR (Søre Sunnmøre Reinholdsverk) administrerer dette på vegne av kommunen, inkludert utsending av årsgebyr for tømming av slamavskiljarar. Det er krav om at kostnadene fullt ut vert dekt inn gjennom gebyra jf. forureiningslova § 34. Det er om lag 790 mindre slamavskiljarar og tette tankar som vert tömt i kommunen. Om lag 400 av slamavskiljarane er tilknytta kommunalt

avløpsnett, og det er kommunen som tek kostnaden med tømming av desse slamavskiljarane. Dette vert dekt av kommunale avløpsgebyr.

Det vert nytta bilar med avvating til tømminga, og slammet vert levert til Bingsa i Ålesund kommune. Slamrenovatøren tek ein enkel tilstandsvurdering av slamavskiljarar og tette tankar ved tømminga.

Ulstein kommune har vedtatt felles forskrift med Hareid kommune for slamtømming *Forskrift for slamhandtering, Hareid og Ulstein kommunar, gjeldande frå 01.01.17.*

4.7. Kommunale avløpsanlegg

4.7.1. Reinseanlegg

Dei kommunale reinseanlegga er bygd etter 1980, og er i hovudsak slamavskiljarar i plassbygd betong eller i glasfiber (GUP). Hovudreinseanlegget RA1 Halseneset er eit silanlegg og vart sett i drift i 2008. Kommunen har ikkje oppdaterte utsleppsløyve for dei kommunale avløpsanlegga, og det er behov for å søke om nye løyve for alle reinseanlegga.

Viser til kapittel 6 Reinsedistrikt for opplysningar om tilstand og tiltak for kvart einskild reinseanlegg.



Bilde 2 RA1 Halseneset. Foto: Asplan Viak AS.

I nokre område har bustader som er tilknytt offentleg avløpsnett eigen privat slamavskiljar. Det er i overkant av 400 private slamavskiljarar som er tilknytt kommunalt avløpsnett. For desse eigedomane er det kommunen som tek kostnaden med tømming av slamavskiljaren, dette vert dekt av kommunale avløpsgebyr. Nokre stader, blant anna i Ulsteinvik sentrum, er det fleire eigedomar som har eigen privat slamavskiljar sjølv om det no er bygd kommunalt reinseanlegg. Private slamavskiljarar kan då sanerast om det ikkje behov for slamavskiljaren på grunn av dårlig leidningsnett eller problem med forureining ved overløp.

4.7.2. Leidningsnett

Leidningsnettet for avløp vert rekna som separatsystem der det er lagt separate leidningar for spillvatn og overvatin. Leidningsnett med AF-leidningar vert kalla fellessystem, då er både spillvatn og overvatin ført til same leidning. Ombygging av eit fellessystem til separatsystem vert kalla separering. I nokre område er separatsystema tilkopla eit eldre fellessystem slik at ein i praksis har ei blanding av begge delar. I Ulsteinvik sentrum er det døme på slike leidningsnett. Leidningssystem med AF-leidningar fører til at tilførselen av avløpsvatn til reinseanlegg og pumpestasjonar aukar ved nedbør og snøsmelting.

Leidningsnettet er i hovudsak bygd etter 1970, og det er antatt at ein stor del av nettet har god kvalitet med tanke på levetid. I periodar var det brukt rør og leidningar av dårlig kvalitet, blant anna første generasjon av PVC-leidningar (før 1980) og betongleidningar utan pakning (før 1970).

For kommunale leidningar er det stort sett registrert material, dimensjon og leggjeår i leidningskartet, men det inneheld mykje feil og manglar. For ein stor del av leidningane kan ein ikkje ta ut statistikk på lengde fordelt på for eksempel materialetype og alder.

Tabell 7 Oversikt over lengde kommunale leidningar. Kjelde: Leidningskartet.

Type leidning	Lengde (m)
Spillvassleidning, SP	83 178
Fellesleidning, AF	17 358
Overvassleidning, OV	74 546
Sum	175 082

Ulstein kommune har problem med framandvatn i leidningsnettet, og med forventa klimaendringar vil dette problemet auke framover. Framandvatn beskriv vatn som ikkje høyrer heime i avløpsnettet. Det er blant anna regnvatn, smeltevatn, sjøvatn eller ferskvatn som kjem inn i leidningsnettet via utette rør, gatesluker, bekkelukkinger, taknedløp og som ikkje har behov for reinsing i eit reinseanlegg.



Bilde 3 Inspeksjon av kum i Ulsteinvik sentrum med mykje framandvatn. Foto: Asplan Viak.

Høgare havnivå og stormflo vil påverke avløpsnettet nær sjøen, spesielt i Ulsteinvik sentrum. Det kan føre til auka innlekkning av sjøvatn i leidningssystemet.

Auka utbygging med mange tette flater gir rask og stor avrenning. Der overvatnet vert ført til avløpssystemet vil det føre til auka belastning på leidningsnettet og reinseanlegg, spesielt der avløpsnettet er utbygd som fellessystem. Avløpsanlegga er ikkje dimensjonert for dette og konsekvensen vil vere

- auka forureining frå overløp; regnvassoverløp på leidningsnettet og naudoverløp ved pumpestasjonar og reinseanlegg
- tilbakeslag på leidningsnettet; kloakken kjem ut av kummer m.m. og fører til forureining til terreng/vegar eller skade inne i bygningar
- høge driftskostnadar til pumping og reinsing av avløpsvatnet
- høge kostnadar i samband med driftsproblem (havari) ved pumpestasjonar
- dårligare reinsing som følgje av fortynna avløpsvatn

Problemet med framandvatn er størst i område med fellessystem (AF-leidningar) og spesielt i Ulsteinvik sentrum. Viser til kapittel 6.4 om rensedistriktet Ulsteinvik.

Kommunen har ikkje oversikt over kor i leidningsnettet det kjem inn mest framandvatn. Det er behov for å utføre systematiske registreringar og målingar i leidningsnettet, blant anna ved å måle vassnivå i kummer ved nedbør. Det er behov for å separere AF-leidningar for å redusere problema med framandvatn i leidningsnettet.

4.7.3. Naudoverløp og regnvassoverløp

Det er krav i forureiningsforskrifta at eigar av avløpsnettet skal ha ei samla oversikt over alle overløp på avløpsnettet. Oversikta skal også inkludere større lekkasjar.

Eit regnvassoverløp skal sikre at avløpsnettet ikkje vert overbelasta under nedbør og snøsmelting, og er særlig aktuelt der avløpsnettet er utbygd som fellessystem (AF-leidningar). Eit regnvassoverløp kan vere bygd ute på leidningsnettet, ved ein pumpestasjon eller eit reinseanlegg. For å redusere forureining av resipienten skal regnvassoverløpa vidareføre mest muleg av forureininga. Eksempel på regnvassoverløp er tverroverløp, sideoverløp og virveloverløp. Kommunen har eit regnvassoverløp på nettet i Ulsteinvik sentrum (virveloverløp).

Alle pumpestasjoner og reinseanlegg har naudoverløp for å hindre skade på anlegget og tilbakeslag av avløpsvatn i leidningsnettet ved driftsstans. Det er ikkje berekna at naudoverløpa skal vere i drift ved ordinær drift av pumpestasjon og reinseanlegg. Om det vert tilført meir avløpsvatn til pumpestasjonar og reinseanlegg enn det dei er dimensjonert for, kan det etablerast regnvassoverløp på leidningsnettet i forkant.

Kommunen har ikkje god nok oversikt over utslepp via naudoverløp og større lekkasjar på leidningsnettet i dag, så kommunen må kartlegge dette framover. Dette arbeidet krev både tid og ressursar for å utføre. Det vil og vere nødvendig å inspirere deler av leidningsnettet med kamera. Med bemanninga som teknisk etat har pr. i dag innanfor avløpssektoren, er det ikkje nok kapasitet til dette arbeidet.

4.7.4. Pumpestasjonar

Kommunen har 21 pumpestasjonar, mange av desse ligg i Ulsteinvik sentrum. Dei fleste av pumpestasjonane er tilkopla kommunen sitt SD-anlegg (sentral driftskontroll).

Dei fleste pumpestasjonar har naudoverløp med tilhøyrande utsleppsleidning til sjø, ofte med utslepp på 2 m djupne. Kommunen har ikkje oversikt over tilstand og djupne for alle utsleppsleidningane. To av stasjonane har ikkje naudoverløp til recipient. PS12 Sundgotvatnet vert oppgradert i 2018 der det vert etablert naudstraumaggregat og tett tank for naudoverløp.

På grunn av mykje framandvatn (regnvatn) i leidningsnettet er det fleire pumpestasjonar og tilhøryande pumpeleidning som ikkje har kapasitet til å vidareføre avløpsvatnet som kjem til stasjonen, og har difor mykje drift på naudoverløpet. Viser til kapittel 6.4 om rensedistrikt Ulsteinvik.

Fleire av pumpestasjonar er av eldre dato og har behov for fornying, både på grunn av slitasje, nye HMS-tiltak for å sikre tilfredsstillande arbeidsmiljø for driftsoperatørar, og for å redusere forureining ved overløp. Kommunen bør lage ei oversikt over tilstanden for kvar pumpestasjon, og lage ein plan for å fornye og oppgradere pumpestasjonar. Det er lagt inn i handlingsplanen ein generell post for å oppgradere pumpestasjonar.



Bilde 4 Pumpestasjon PS2 Skeide Indre. Foto: Ulstein kommune

Tabell 8 Kommunale pumpestasjonar.

Nr	Namn	Reinse-distrikt	Resipient, naudoverløp	Overbygg	SD-anlegg	Antall pumper
PS1	Flø	Flø	Rundafjorden	x	x	2
PS2	Skeide indre	Ulsteinvik	Ulsteinfjorden	x	x	2
PS3	Hatlø	Ulsteinvik	Søylene / Lyngnesvika	x	x	2
PS4	Vollane	Ulsteinvik	Ulsteinfjorden	x	x	2
PS5	Johansenbuda	Ulsteinvik	Lyngnesvika	x	x	4
PS6	Hotellet	Ulsteinvik	Hamna / Lyngnesvika	x	x	2
PS7	Nesevegen	Ulsteinvik	Elveosen, Sauneselva / Lyngnesvika	x	x	2
PS8	Nedre Saunes	Ulsteinvik	Lyngnesvika			1
PS9	Borgstein	Ulsteinvik	Lyngnesvika	x	x	2
PS10	Hasund	Hasund	Lyngnesvika	x	x	1
PS11	Straumane	Sundgot	Storevågen	x	x	2
PS12	Sundgotvatnet	Sundgot	Utan naudoverløp	x		1
PS13	Sundgot	Sundgot	Botnavika	x	x	2
PS14	Ljosheim	Ulsteinvik	Ulsteinfjorden			2
PS15	Eiksund Indre	Eiksund	Eiksundet	x	x	2
PS16	Vågane	Vågevika	Vågevika / Søylene	x	x	2
PS17	Legehaugane Sør	Hellestøa	Utan naudoverløp, m/ naudstrømsaggregat	x	x	2
PS18	Glopen	Ulsteinvik	Lyngnesvika	x	x	2
PS19	Eiksund Ytre	Eiksund	Eiksund	x	x	2
PS20	Legehaugane Nord	Hellestøa	Spjutøysundet	x	x	2
PS21	Sjøsida	Ulsteinvik	Hamna, Lyngnesvika	x	x	2

*Bilde 5 og Bilde 6 Pumpestasjon PS5 Johansenbuda i Ulsteinvik sentrum. Foto: Asplan Viak.*

4.7.5. Feittavskiljarar

Feitt i avløppssystemet kan føre til tette leidningar og driftsproblem ved pumpestasjonar. Verksemder som har utslepp av avløpsvatn som inneholder feitt eller olje (animalisk eller vegetabilisk) over ein viss konsentrasjon og mengde skal ha feittavskiljar. Det er viktig at desse vert tømt regelmessig.

Kommunen kan setje krav om dette jf. standard abonnementsvilkår og § 15A-4 *Påslipp til offentlig avløpsnett i forureningsforskrifta*. Det er forbod mot påslepp av oppmalt matavfall til offentleg nett frå verksemder og hushald jf. § 15-A-4.

Kommunen har ikkje oversikt over alle feittavskiljarar i kommunen eller om dei vert tømt regelmessig.

4.7.6. Nye utbyggingsområde

Ved utbygging av nye område for bustad og næringsbygg vert teknisk anlegg som veg, vatn og avløp ofte utbygd i privat regi, men kommunen kan ta over tekniske anlegg når dei er ferdig utbygd. Det er fleire område som også er bygd ut i kommunal regi. Overtaking av tekniske anlegg vert regulert av plan og bygningslova kapittel 17 *Utbyggingsavtaler* og kapittel 18 *Opparbeidelsesplikt og refusjon av utgifter til veg, vann og avløp mv*. Viser også til kapittel om rekkefølgjekrav og utbyggingsavtalar i utkast til føresegner og retningslinjer for kommuneplanen sin arealplanen (§ 1).

I *Standard abonnementsvilkår for vann og avløp* (KS 2008) er det krav til blant anna overvass- og drenselidningar for abonnentar til kommunalt leidningsnett:

- *Takvann og overflatevann (overvann) skal infiltreres i grunnen, ledes bort i eget avløp til vassdrag eller fordrøyes, og må ikkje tilføres kommunens ledninger uten samtykke fra kommunen. Bortledning av overvann og drensvann skal skje slik at det ikke oppstår oversvømmelse eller andre ulemper ved dimensjonerende regnintensitet.*
- *Fellesledninger - å føre overvann og spillvann i samme stikkledning vil normalt ikke bli tillatt.*
- *Som hovedregel legges stikkledningene som separatsystem, uavhengig av hovedledningssystemet. Dette gjelder også ved omlegging. Alt overvann skal passere sandfang før det slippes inn på hovedledning. Kommunen kan kreve tak- og overvann infiltrert i grunnen etter nærmere regler.*


I arbeidet med arealplanen har kommune tatt med punkt om høgdeplassering av bygg ved sjøen (§ 9.2) og flaumvegar og overvasshandtering (§ 9.4) i utkast til føresegner og retningslinjer til arealplanen.



Bilde 7 Pumpestasjon PS20 Legehaugane nord. Foto: Ulstein kommune.

4.8. Administrative og organisatoriske forhold

4.8.1. Organisasjonskart



Figur 9 Organisasjonskart Teknisk etat.

Fra 01.01.2018 vart brannvesena i Ulstein og Hareid slått saman til eitt brannvesen. Ulstein kommune er vertskommune og Hareid kommune er samarbeidskommune.

4.8.2. Plan- og bygningsavdelinga

I Ulstein kommune er mynde etter forureiningsforskrifta for kapittel 4 Avløp delegert til kommunalsjef teknisk. Sakshandsaming av søknader om utslepp av avløpsvatn vert handsama av plan- og bygningsavdelinga. Avdelinga har blant anna ansvaret for

- utarbeiding av kommuneplanar og handsaming av reguleringsplanar
- rettleiing innanfor loverket som avdelinga forvaltar
- søknadar om bygg, anlegg og deling av grunneigedom
- registrere tiltak i matrikkelen
- kart- og delingsforretningar, seksjoneringssaker
- forvaltning av det digitale kartverket for grunn- og eigedomsdata
- natur- og miljøforvaltning
- kommunale låne- og tilskotsordningar / Husbanken
- sal og tilrettelegging av kommunale bustad- og næringstomter

Bemanninga ved avdelinga er ikkje stor nok, og det fører til at ein ikkje får utført alle oppgåver som er pålagde blant anna tilsyn av avløpsanlegg. Ved etablering av avløpsanlegg i samband med nye bustader m.m. sakshandsamar kommunen utsleppsløyve i samband med bygesaken.

Tilsyn

Kommunen skal føre tilsyn med at forureiningsforskrifta og vedtak som er gjort i medhald av denne vert følgt. Når kommunen fører tilsyn etter forureiningsforskrifta, skal kommunen samstundes undersøke om verksemda stetter krava i internkontrollforskrifta.

Private avløpsanlegg og oljeutskiljarar er ikkje registrert i kommunen sitt digitale leidningskart. Kommunen har oversikt over kven som har slamavskiljarar og tette tankar gjennom ordninga med slamtømming.


Kommunen utfører per i dag ikkje aktivt tilsyn med eksisterande avløpsanlegg eller oljeutskiljarar. Etter tömming av slamavskiljarar får kommunen ein rapport frå tömefirma eller SSR (Søre Sunnmøre

Reinhaldsverk) om det er behov for utbetring av sjølve slamavskiljaren, men leidningsnett og utslepp blir ikke kontrollert. Oppgåver og tilsyn kan løysast ved samarbeid med andre kommunar, blant anna ved vertskommunesamarbeid. Regler for delegering av mynde er gitt i kommunelova, og det er ikkje opna for å delegerere mynde etter forureiningsforskrifta til kommunale eller interkommunale selskap.

Gebyr

Sakshandsaming og kontroll med avløpsanlegg kan vere sjølvfinansierande ved gebyr, kommunen har ikkje vedtatt gebyr pr. i dag. Kommunen har vedtatt i lokal forskrift om utslepp av avløpsvatn at gebyr for sakshandsaming og kontroll skal fastsettast gjennom eige gebyrregulativ. Dette gjeld for avløpsanlegg under 50 pe. Gebyr kan dekkje utgifter til tilsette og innleidt arbeidskraft til eksempelvis kartlegging av avløpsanlegg.

4.8.3. Drift- og anleggsavdelinga



Figur 10 Tenester, Drift- og anleggsavdeling.

Drift- og anleggsavdelinga har blant anna ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunen si vassforsyning og avløp, veg og hamn og kommunale grøntanlegg. Uteseksjonen utfører tenester innanfor desse områda.

Arbeidsoppgåvene innanfor avløp kan samanfattast i følgjande hovudpunkt:

- drift og vedlikehald av 1 silanlegg og 14 slamavskiljarar med tilhøyrande utsleppsleidningar i sjø, 175 km med leidningsnett med tilhøyrande kummar, 21 pumpestasjonar
- administrasjon, forvaltning, økonomi for avløpstjenesta
- sakshandsaming
- planlegging, utbygging og rehabilitering av avløpsanlegg
- oppdatering og ajourføring av leidningskartverk
- drift og vedlikehald av driftskontrollanlegg (SD-anlegg)
- forskrifter og gebyrregulativ for vatn og avløp
- VA-norm og sanitærreglement
- kundekontakt
- gravmeldingar – sanitærmeldingar
- internkontroll avløpsanlegg
- rapportering, FDV, HMS, KOSTRA
- informasjon til abonnentane og rapportering til myndighetene

Avdelinga har utfordringar i forhold til både planlegging og utbygging, samt drift og vedlikehald, av avløpsanlegg som dei siste åra har blitt meir og meir komplekse og krevjande. Det er behov for fleire nyanlegg og eit langsiktig arbeid med sanering og fornying av leidningsnettet for både vatn og avløp. Dette vil i hovudsak bli utført av entreprenørar, men avdelinga vil bli sterkt involvert med både administrativt personell og uteseksjonen til deltaking i planlegging, utbygging, kontroll og oppfølging. Bemanninga ved avdelinga er ikkje stor nok, og fører til at ein ikkje får utført alle oppgåver som er pålagde eller at ein ikkje får den nødvendige tid til å utføre dei på ein sikker og god måte.

Bemanning og vaktordning

I 2018 er det følgjande stillingar innanfor avløp, ca. 2 årsverk totalt.

- Avdelingsleiar for drift og anlegg
- Avdelingsingeniør for drift og anlegg (50 %)
- Arbeidsleiar – drift og anlegg
- Fagarbeider – avløp (100 %)

I 2016 vart det innført eiga teknisk vakt for kommunal infrastruktur. Vakta er 6-delt og fagarbeidarane på uteseksjonen tek seg av beredskapen. Vakta disponerer eigen vaktbil i vaktveka.

Internkontroll og driftsplanar

Internkontroll er eit systematisk tiltak som skal sikre at verksemda planlegg, organiserer, utfører og vedlikeheld sine aktivitetar i samsvar med gjeldande krav i regelverk. Kommunen har eit IK-system for avløp, men det er behov for å revidere og oppdatere dette. Kommunen har vekeplanar for pumpestasjonar og reinseanlegg i FDV-systemet.


SD-anlegg

Ulstein kommune har SD-anlegg (sentral driftskontroll) for VA-anlegga. RA1 Halseneset og dei fleste pumpestasjonane er tilknytta SD-anlegget.

Føremålet med SD-anlegg er mellom anna:

- Overvake og varsle avvik
- Styre prosess
- Vise tilstand
- Rapportere driftsdata

Systemet er godt utbygd for dei fleste eksisterande anlegga, men det er fortsatt behov for investeringar. Det er tatt med som eigen post i handlingsplanen for 2019. Det er to pumpestasjonar som ikkje er tilknytt SD-anlegget, desse stasjonane har heller ikkje overbygg. Den eine av stasjonen vert tilkopla SD-anlegget i løpet av 2018 (PS12 Sundgotvatnet).



Figur 11 SD-anlegg. Skjermbilde RA1 Halseneset.

FDV-anlegg

Kommunen har ikkje registrert dokumentasjon om slamavskiljarar og avløppspumpestasjoner i FDV-systemet som kommunen nyttar (forvaltning, drift og vedlikehald). Relevant dokumentasjon som blant anna teikningar og berekningar for dimensjonering bør ein registrere slik at det er lett tilgjengeleg.

Søknad og melding – tilknyting til offentleg avløpsanlegg

Standard abonnementsvilkår regulerer ansvarsforholdet mellom kommunen og den einskilde abonnent. Vilkåra vert fastsett som følgje av at kommunen er eigar av leidningsnettet, og sakshandsaming i samsvar med vilkåra er ikkje utøving av offentleg mynde.

Standard abonnementsvilkår set blant anna krav om tilknyting av overvatn- og drensleidningar, feittavskiljarar og oljeutskiljarar. Ved søknad og godkjenning av tilkoppling til kommunale leidningar kan ein blant anna setje krav om fordrøyning ved tilkoppling av overvatn til kommunale leidningar. Det er også viktig å ha oversikt over tilkoplingspunkt og informasjon om stikkledningiar.

Det er krav om søknad og godkjenning av tilknyting til offentlig avløpsanlegg jf. Standard abonnementsvilkår. Kommunen praktiserer ikkje dette, og krev ikkje ferdigmelding om utført arbeid på stikkledning. Dei fleste stikkledningiar er ikkje registrert i kommunen sitt leidningskart. Drift- og anleggsavdelinga og Plan- og bygningsavdelinga har skriftlege rutine for melding om nye abonnentar ved nybygg med tanke på utsending av tilknytingsgebyr og årsgebyr for avløp. Det vert ikkje søkt om tilknyting til offentleg anlegg (eks. ved rørleggermelding) til Drift- og anleggsavdelinga, og byggjesaker vert ikkje sendt til uttale til avdelinga.

4.8.4. Leidningskart

Kommunen nytter GISLINE Vatn og avløp til leidningskart. Eit godt digitalt leidningskartverkt er viktig for forvaltning, drift- og vedlikehald av kommunale avløpsanlegg og for oppgåvane kommunen har som tilsynsmynde. Det er også viktig med oppdatert leidningskart ved planlegging av nye avløpsanlegg, og for å kunne ta rett avgjerd ved fornying av eksisterande leidningsnett. Leidningskartet bør inkludere både kommunale leidningar og private stikkleidningar slik at kommunen har oversikt over eksisterande leidningsnett og kor abonnentane er tilkopla.

Leidningskartet er i dag mangelfullt og ikke oppdatert. Det blir per i dag ikke registrert private stikkleidningar som er tilkopla kommunale leidningar. Private avløpsanlegg er heller ikke registrert. For kommunale leidningar er det stort sett registrert material, dimensjon og leggeår. Men leidningskartet inneholder mykje feil og manglar. Mange leidningar manglar opplysningar om høgder.

Arbeidet med leidningskartet må skje kontinuerlig ved ajourføringar i samband med søknad om tilknyting (sanitærmeldingar), driftshendingar på nettet, vedlikehald, sanering og nyanlegg. Kommunen bruker i dag ca. ¼ stilling, men er på etterskot med dette arbeidet. Dette er eit arbeid som bør utførast i eige regi då kommunen sitt personell er best kjent med VA-anlegga. Kommunen bør lage ein plan for å registrerer manglende leidningsnett i kartet.

5. VAL AV TILTAK OG STRATEGI

5.1. Hovudutfordringar

Gjennom arbeidet med hovudplanen her ein sett følgjande hovudutfordringar i kommunen:

- Det er mykje framandvatn i leidningsnettet, problemet er størst i Ulsteinvik sentrum. Dette problemet vil auke framover med forventa klimaendringar, spesielt auke i kraftig nedbør både i intensitet og frekvens. I Ulsteinvik sentrum vert avløpsvatnet pumpa til reinseanlegget, RA1 Halseneset. Pumper og leidningsnett har ikkje kapasitet til å overføre alt avløpsvatnet til reinseanlegget, noko som fører til forureining frå overløp og fare for flaumulemper som havari i pumpestasjonar og tilbakeslag i leidningsnettet.
- Nokre kommunale reinseanlegg har liten kapasitet. Det er behov for å oppgradere/byggje nye reinseanlegg ved økt utbygging.
- Manglande tilsyn og kontroll av avløpsanlegg - kommunen som forureiningsmynde.
- Sårbare sjøresipientar jf. lokal forskrift – Den Grøne korridor. Det er fleire avløpsanlegg som ikkje overheld reinsekrav i lokal forskrift for sårbare sjøresipientar.

5.2. Strategi


For å nå måla som er sett i hovudplanen og løyse hovudutfordringane er følgjande strategi lagt til grunn:

- Endre systemløysinga for leidningsnettet i Ulsteinvik sentrum – føre meir avløpsvatn til reinseanlegget ved gravitasjon ved å bygge ei avskjerande leidning. Dette vil avlaste pumpestasjonane i sentrum, i dag vert avløpsvatnet pumpa til reinseanlegget.
- Redusere overvasstilførsel/framandvatn til spillvassførande leidningar.
- Utarbeide plan for leidningsfornyng og separering – saneringsplan.
- Auke fornying av avløpsleidningar og separering av fellesleidningar.
- Oppgradere reinseanlegg og utslepp som ikkje stettar reinsekrava og/eller har dårlig kapasitet.
- Føre reinsa vatn til utslepp med god utforming og plassering (djupvassutslepp) for å hindre at avløpsvatn påverkar vasskvaliteten i overflatelaget og strandsone.
- Utføre tilsyn med avløpsanlegg som kommunen har mynde for.
- Auke tilknytinga til felles reinseanlegg i rensedistrikta.
- Kartlegge eksisterande leidningsnett, både kommunalt og privat, og registrere desse i kommunen sitt leidningskart.
- Kostnadsdekking med gebyr - både som anleggseigar og mynde.

5.3. Klimatilpassingar

5.3.1. Bruk av lokal overvasshandtering

Klimaendringane, kombinert med ein auke av tette flater på grunn av utbygging, fører til auka behov for god handtering av overvatn. Ein strategi for å redusere og forsinke avrenning av overvatn skjer ved å infiltrere mindre nedbørsmengder, fordrøye større nedbørsmengder og avleie dei store nedbørsmengdene på ein trygg måte. Dette blir kalla «treleddsstrategien» for overvatn.



Figur 12 Treleddsstrategi, illustrasjon for handtering av overvatn. Kjelde Norsk vann rapport 162-2008.

5.3.2. Norm eller retningslinjer for overvasshandtering

Kommunen bør utarbeide eigen norm eller retningslinjer for overvasshandtering til bruk ved dimensjonering av nyanlegg som tek omsyn til auke i nedbør og havnivåstigning, blant anna:

- klimafaktor
- tilrådingar til IVF-kurve, avrenningsfaktor, konsentrasjonstid
- krav til fordrøyning der det ikkje er mogleg å infiltrere overvatn i grunnen lokalt
- krav til maks påsleppsmengde til kommunal leidningnett

Kommunen bør setje ei grense for minimum kotehøgde for sluk i nye bygningar i VA-norm/abonnementsvilkår for å unngå tilbakeslag av sjøvatn gjennom leidningsnettet. Grensa bør setjast utifrå ei framtidig havnivåstigning og ein dimensjonerande høgvasstand. Om avløpet ikkje kan verte tilkopla ved naturleg fall og nødvendig høgde, kan ein nyte pumpe. Dersom det ikkje er mogleg å halde minimum kotehøgde, må bygninga sikrast på annan måte for eksempel å montere tilbakeslagsventil.

Eit forslag til minimum kotehøgde er 2,7 for lavast montert avløpsopning (eks. sluk) for å unngå tilbakeslag av sjøvatn frå leidningsnettet. Her er det brukt følgjande tal frå DSB-rettleiaren: Stormflo 1000-års returnivå (198 cm), havnivåstigning med klimapåslag (75 cm) og NN2000 over middelvatn (5 cm). DSB anbefaler å runde av til nærmeste 10 cm. Det er i tillegg krav om at vasstand i lågaste vasslå må ligge minst 900 mm høgare enn innvendig topp hovudleidning målt ved tilkoplingspunktet til stikkledninga jf. standard abonnementsvilkår.

5.4. Kommunen som mynde for avløp

Ei viktig oppgåve framover vil vere å kartlegge lokalisering og tilstand til eksisterande oljeutskiljarar og avløpsanlegg, både reinseanlegg og utslepp. Kommunen må og utføre tilsyn og kontroll av anlegg som kommunen har mynde for. For å utføre dette arbeidet må kommunen ha både kompetanse og kapasitet. Kommunen har ikkje kapasitet til dette arbeidet med dagens bemanning, og det er behov for auke i bemanning ved plan- og bygningsavdelinga om arbeidet skal utførast i eigenregi. Kostnadene med sakshandsaming av søknadar om utsleppsløyve og tilsyn av avløpsanlegg kan dekkjast av gebyr og utførast med sjølvkost. I arbeidet med vassforskrifta i Søre Sunnmøre Vassområde var det ei eiga gruppe som såg på interkommunalt samarbeid innafor dette feltet. Kommunen bør vurdere samarbeid med andre kommunar om tilsyn og kontroll av anlegg.

Norsk vann rapport 184-2011 *Tilsyn med utslipp av avløpsanlegg innen kommunens myndighetsområde* kan vere nyttig å bruke i arbeidet med planlegging og utføring av tilsyn.

5.4.1. Tiltak innanfor reinseedistrikt

Kommunen har mynde til å krevje at bustader vert tilkopla kommunalt avløpsanlegg der det er utbygd. Kommunen må vurdere tiltak etter at tilstand for eksisterande reinseanlegg er kartlagt. Krevje eigedomar tilknytt offentlig avløpsanlegg og sanere mindre avløpsanlegg dersom det er fornuftig utifrå kost-/nytte vurdering. Ei føresetnad for å kunne gjere dette er at det kommunale anlegget har kapasitet til fleire abonnentar. Fleire kommunar har retningsliner og ei kostnadsgrense for kva ein kan verte pålagt av utgifter ved krav om tilknyting til kommunale anlegg. Ulstein kommune har ikkje vedtatt slike retningsliner.

5.4.2. Tiltak utanfor reinsdistrikt

I område der det ikkje er aktuelt med tilkopling til kommunalt avløpsanlegg eller private fellesanlegg, vil det for nokre mindre avløpsanlegg vere behov for oppgradering. Kommunen kan setje krav om dette jf. forureiningsforskrifta.

Når kommunen har oversikt over tilstanden på eksisterande private avløpsanlegg kan ein vurdere om kommunen på sikt bør etablere nye kommunale avløpsanlegg for nokre område slik som det var planlagt i hovudplanen frå 2001. Dette må ein vurdere i eit kost/nytte perspektiv. I hovudplanen frå 2001 var det planlagt å etablere felles avløpsanlegg for blant anna Ytre Dimna, Garnes, Selvåg og Ødegård på Eiksund. Det er ikkje prioritert i denne avløpsplanen å bygge kommunale avløpsanlegg i desse områda. I første omgang er det viktig å kartleggje eksisterande tilstand for dei private avløpsanlegga og registrere kva resipient anlegga har utslepp til. Det bør utførast tiltak i område medårbare resipientar først.

5.4.3. Tiltak mynde

Tabell 9 Tiltak – kommunen som mynde.

Nr	Tiltak	Utføres
1	Auke bemanninga ved plan- og bygningsavdelinga og/eller samarbeide med andre kommunar for å utføre oppgåver kommunen har som tilsynsmynde etter forureiningsforskrifta del 4 Avløp.	2019-2020
2	Gjennomgå skriftlige rutinar for sakshandsaming av saker etter forureiningsforskrifta del 4. Avløp. Gjennomgå delegasjonsreglement for å avklare kommunen sine roller og oppgåver.	2019
3	Oppdatere fagdatabase for alle eksisterande avløpsanlegg og oljeutskiljarar som kommunen har mynde for. Registrere type reinseanlegg, leidningar og utsleppspunkt i kommunen sitt leidningskart. Område med sårbare resipientar vert prioritert først.	2019-2020
4	Utarbeide gebyrregulativ for sakshandsaming og kontrolltiltak jf. forureiningsforskrifta § 11-4 og lokal forskrift § 3.	2019-2020
5	Utarbeide plan for systematisk tilsyn med avløpsanlegg og oljeutskiljarar som kommunen har mynde for.	2019-2020
6	Vurdere tilsynssamarbeid med andre kommunar og/eller leige kompetanse til eksempelvis kartlegging av eksisterande avløpsanlegg.	2019-2020
7	Utføre tilsyn med eksisterande avløpsanlegg og gi eventuelle pålegg om nødvendige utbetringar. Anlegg med utslepp til ferskvatn og utslepp til sårbare sjøresipientar vert prioritert. Følgje opp gitte pålegg om tiltak.	Kontinuerleg
8	Utarbeide retningsliner for krav om tilkopling av offentlig avløpsanlegg, fastsettjing av kostnadsgrense.	2019-2020
9	Kreyje eigedomar tilknytt offentlig avløpsanlegg der det er etablert og sanere mindre avløpsanlegg dersom det er fornuftig utifrå kost-/nytte vurdering.	Kontinuerleg

5.5. Kommunale anlegg

5.5.1. Reinseanlegg

Kommunen har ikkje oppdaterte utsleppsløyve for kommunale avløpsanlegg, og det er behov for å søkje om nye utsleppsløyve for kommunale anlegg. Viser til kapittel 6 Reinsedistrikt med oversikt over eksisterande situasjon og planlagde tiltak for kvart einskilde avløpsanlegg.

Det kan vere behov for ytterlegare resipientundersøkingar for dei sårbare sjøresipientane for å vurdere

- kva påverknad utslepp av avløpsvatn har i forhold til andre påverknader som blant anna landbruk, avrenning frå landareal, akvakultur og naturleg tilførsel ved vassutskifting
- kva kapasitet resipienten har for å motta utslepp av fosfor, nitrogen og organisk stoff frå kommunalt avløpsvatn
- om tilstanden i resipienten blir forbetra ved betre reining enn dagens reinseanlegg, om påverknaden frå utslepp av avløpsvatn har stor eller liten betydning for miljøtilstanden

Dette for å vurdere kost/nytte av bygging av høggradig reinseanlegg eller overføre avløpsvatn til andre resipientar for å betre miljøtilstanden i dei sårbare sjøresipientane.

Vedlegg 1 til kapittel 11 i forureiningsforskrifta fastset kriteria for utarbeiding/revidering av liste over følsame og mindre følsame område.

5.5.2. Leidningsnett

I område med fellesleidningar (AF-leidningar) bør det setjast krav om at overvatn og drensvatn ikkje skal koplast til avløpsnettet for ny busetnad. Dersom det ikkje er mogleg med lokal handtering av overvatn ved infiltrering må det setjast krav om fordrøyning før tilkopling til kommunalt leidningsnett. For eksisterande busetnad kan ein setje krav om å kople frå takvatn der det er mogleg for å redusere framandvatn i AF-leidningar. Takvatn kan førast til terreng ved enkle grep, då unngår ein at vatnet vert leia til kommunalt leidningsnett. Ved omlegging av fellessystem til separatsystem må ein setje krav om separering av stikkleidningar.

Kommunen bør kontrollere nettet for feilkoplingar og om bekkelukkingar m.m. er tilkopla leidningsnettet. Ein bør gå gjennom områda systematisk og observere vassnivå i kummer under nedbør, måle vassføring, utføre rørinspeksjon, fargetesting m.m. Aktiv bruk av FDV-/SD-systemet for å registrere kvar det er problem med overløp m.m.

5.5.3. Leidningsfornyng og separering (saneringsplan)

For å oppretthalde eller betre funksjonen til leidningsnettet er jamleg fornying naudsynt. Dersom ein rekna 100 års levetid for leidningane må 1/100 eller 1 % av leidningane fornyast årleg i snitt. Behovet for fornying vil variere frå stad til stad, det er bestemt av lokale forhold som alder, samansetning av leidningsnettet og kvaliteten på grøfter ved legging. Behovet for fornying vil variere med tidlegare utbyggingstakt. Mykje av leidningsnettet i kommunen er lagt dei siste 40 åra, og har ikkje behov for fornying utifrå alder. Behov for separering, endring av dimensjon eller omlegging av trasé er og faktorar som påverkar kva leidningar som vert fornya til ei kvar tid. Ofte vert avløpsleidningar fornya i kombinasjon med utbygging eller fornying av anna infrastruktur som vassleidningar, kabelanlegg og vegar.

Ein kan berekne behovet for fornying meir presist enn 1 % av leidningsnettet på grunnlag av alder, material og tilstand på leidningsnettet. Sidan det er mangelfulle opplysningar i leidningskartet om dette er det lagt til grunn fornying av 1 % av leidningsnettet pr. år i hovudplanen som hovudmål. Total lengd på kommunale AF- og SP-leidningar er om lag 100 km leidningsgrøft. Behov for fornying

er då omlag 1 km SP og AF-leidning/år. Overvassleidningar ligg ofte i felles grøft med AF og SP, og er difor ikkje summert. Det var ikkje rom for å leggje inn 1 % leidningsfornying kvart år i første del av planperioden på grunn av det totale investeringsnivået og gebyrauke som følgje av dette, samt at det ikkje vert auke i bemanninga på avløp før i 2020. Men det er lagt inn tilsvarande auke i investeringar til leidningsfornying og separering i siste del av planperioden.

Det er lagt inn eit eige tiltak i handlingsplanen å lage ein plan for leidningsfornying og separering (saneringsplan). Det er problem med framandvatn i leidningsnettet, spesielt i Ulsteinvik sentrum, så fleire stader vil det vere behovet for separering som er styrande for utskifting av leidningar. Det bør utførast ein systematisk analyse av driftsdata frå pumpestasjonar og reinseanlegg for å få ei overordna kartlegging av framandvatn i leidningsnettet, og identifisere områder med høg del av framandvatn nettet. Tilstanden på leidningsnetter er relativt dårlig kartlagt, så det er behov for å kartlegge deler av leidningsnettet ved kamerakjøring. Ein vil då kunne lokalisere kjelder til inn- og utlekking.

5.5.4. Nye utbyggingsområde

Ved etablering av nye utbyggingsområde er det viktig å kontrollere om eksisterande leidningsnett og reinseanlegg har kapasitet dersom området skal koplast til dette. Nokre stader er det behov for å oppgradere eksisterande avløpsanlegg før ein kan tilføre anlegget meir avløpsvatn.

Ved utbygging av nye område bør ein vere merksam på handtering av overvatn frå tak, vegar, parkeringsplassar m.v. Det bør setjast krav om å handtere overvatnet lokalt ved infiltrasjon og/eller fordrøyning. I tillegg må ein vurdere alternative flomvegar.

5.5.5. Drifts- og vedlikehaldstiltak

Tabell 10 Tiltak – kommunen som anleggseigar.

Nr.	Tiltak	Utføres
1	Auke bemanninga ved Drift- og anleggsavdelinga for å dekkje oppgåver innanfor avløp. Ei ny stilling som ingeniør frå 2020.	2020
2	Kvalitetssikre data for kapasitet og belastning for alle kommunale reinseanlegg. Registrere informasjon og teikningar i kommunen sitt FDV-system.	2019
3	Kartlegge tilstand, posisjon og djupne for utsleppsleidningane frå reinseanlegg og overløp (regnvassoverløp og pumpestasjonar). Nokre utsleppsleidningar er kartlagt i 2018.	2019
4	Søkje om utsleppsløyve for kommunale avløpsanlegg.	2019
5	Kartleggje tilstand på eksisterande pumpestasjonar, og utarbeide plan for nødvendig vedlikehald og rehabilitering.	2019-2020
6	Revidere og oppdatere IK-systemet for avløp.	2019-2020
7	Registrere driftshendingar på leidningsnettet som tilbakeslag, tilstopping m.m. i leidningskart eller anna FDV-system.	Kontinuerleg
8	Innføre søknad om tilknyting til offentleg VA-anlegg og innmelding av rørleggerarbeid jf. standard abonnementsvilkår. Registrere private stikkledningar i leidningskartet.	2019-2020
9	Registrere eksisterende stikkledninger frå rørleggerskisser i leidningskartet.	2019-2022
10	Registrere alle overløp, både naudoverløp og regnvassoverløp i	2019-2020

	leidningskartet. Overløp frå pumpestasjonar og reinseanlegg bør ha berekna eller registrert driftstid.	
11	Kartlegge eventuelle ureinsa kommunale utslepp .	2019-2020
12	Kartlegge og registrere leidningar og kummer som ikkje er registrert i leidningskartet (x,y,z-koordinatar).	2019-2022
13	Kartlegge sandfang og bekkeinntak som er tilkopla leidningsnettet.	2019-2022
14	Kartlegge alle industripåslepp til kommunalt leidningsnett, og ved behov utarbeide påsleppsavtalar.	2019-2020
15	Registrere feittavskiljarar som er tilknytt kommunalt leidningsnett, og kontrollere at desse vert tømt regelmessig.	2019-2020
16	Kontrollere om all busetnad innanfor rensedistriktet er tilkopla kommunalt anlegg der det er utbygd.	Kontinuerleg
17	Krevje private slamavskiljarar som er tilknyttta kommunalt nett utkopla der det er etablert felles reinseanlegg, og det ikkje er behov for slamavskiljaren på grunn av därleg leidningsnett og overløp m.m.	Kontinuerleg
18	Minimere tilførsel av ureinsa avløpsvatn til vassførekostane ved å redusere overløp, rette feilkoplinger og sanere direkteutslepp. Etablere regnvassoverløp som vidarefører mest muleg av forureininga til reinseanlegg ved overløpsdrift.	Kontinuerleg
19	Setje krav om å kople frå taknedløp frå bygningars som er tilkopla AF-leidningar der det er fare for flaum og tilbakeslag i område det det er mogleg med lokal overvasshandtering.	Kontinuerleg
20	Fastsette minimum kotehøgde for lavast montert avløpsopning (eks. sluk) for å unngå tilbakeslag av sjøvatn frå leidningsnettet, lokal vilkår til standard abonementsvilkår (jf 3.5 i tekniske bestemmelser).	2019-2020
21	Utarbeide lokal overvassnorm/retningsliner til bruk ved dimensjonering av nyanlegg som tek omsyn til auke i nedbør og havnivåstigning for nyanlegg.	2019-2020

6. REINSEDISTRIKT – TILSTAND OG TILTAK

6.1. Generelt


Det er definert reinsedistrikt for avløpsanlegg over 50 pe i hovudplanen, både for private og kommunale anlegg. Reinsedistrikta definerer området som det er planlagt at kvar enkelt reinseanlegg skal behandle avløpsvatn frå. Område som i utkast til arealdelen av kommuneplanen er avsett til bygningar og anlegg er tatt med i reinsedistriktet til dei ulike reinseanlegga. I tillegg er det tatt med bustader i LNF-område (Landbruks-, natur- og friluftsformål) som er tilknytt eksisterande avløpsanlegg i dag.

Mange av reinseanlegga vart dimensjonert og bygd for mindre område enn det som er tatt med i dagens reinsedistrikt, og fleire reinseanlegg har for liten kapasitet. Det er behov for å byggje nye eller oppgradere eksisterande reinseanlegg nokre stader.

Som hovudregel er det tenkt at i området med spreidd bustadbygging (LNF-B) der det ikkje er utbygd offentleg avløpsanlegg, skal avløpsløysinga vere basert på mindre private avløpsanlegg. Det er nokre mindre bustadområde som er regulert til bygningar og anlegg i arealplanen som har private avløpsanlegg under 50 pe. Dette gjeld blant anna bustadområde på Roppane, Eiksund og områder som er avsett til fritidsbusetnad.

- For berekning av pe er det nytta befolkningstal frå 2018 frå Norkart AS som er basert på data frå folkeregisteret. Det er rekna at talet på pe samsvarar med folketallet for dei fleste reinsedistrikta då der ikkje er tilknytt bedrifter med høgt innhald av organisk stoff som for eksempel meieri, slakteri eller næringsmiddelindustri. For Ulsteinvik sentrum er det lagt til eit påslag på om lag 600 pe for bedrifter, skular og sentrumsfunksjonar. Det er ikkje alle eigedomar som er tilknytt felles reinseanlegg så belastninga på reinseanlegga er ofte mindre enn oppgitt tal på pe i reinsedistriktet. Det er ikkje berekna pe etter NS 9426 *Bestemmelser av personekvivalenter (pe) i forbindelse med utslippstillatelse for avløpsvann*.
- For fleire av slamavskiljarane er det ukjend kva dei er dimensjonert for i pe, så det er gjort ei grov berekning utifrå volum på slamavskiljaren. Det er tatt utgangspunkt i ein slamavskiljar med tre kammer, oppholdstid 9 timer (utslepp til gode sjøresipientar), vassmengd 250 l/pe og slammengd 250 l/pe, tøming av tanken 2 gongar pr. år.
- Økologisk tilstand på resipientane er henta frå Vann-nett.no. Viser til Figur 3 i kapittel 4.1.1.
- Kartutsnitt for reinsedistrikta i dokumentet viser i hovudsak reinsedistrikt, reinseanlegg over 50 pe, kommunale pumpestasjonar, spillvassleidningar (SP-grøne) og fellesleidningar (AF-raude).

6.2. Flø



Figur 13 Reinsedistrikt Flø.

Eigar	Kommunen
Reinseanlegg	RA2 Flø Slamavskiljar: GUP 34 m³, bygd i 1998 Slamtømming pr. år: 1 Berekna kapasitet: 160 pe ved tømming 2 gongar i året
Pe i rensedistriket	Om lag 65 pe
Utslepp, resipient	Utslepp U1A til Rundefjorden på ca. 2 m djupne
Tilstand resipient	Mindre følsamt område, reinsekrav § 13-8 i forureiningsforskrifta Økologisk tilstand: God
Leidningsnett	Leidningsnettet er relativt nytt, i hovudsak utbygd som separatstystem men der er og noko fellessystem
Regnvassoverløp	Ingen
Pumpestasjonar	PS1 Flø, bygd i 2012, naudoverløp til sjø

Vurdering:

Det er ingen spesielle driftstekniske problem ved avløpsanlegget. Utsleppet burde vore på djupare vatn, men Flø er utsatt for grov sjø. Storbåra og langgrunne gjer det kostbart å bygge utsleppsleidning på djupare vatn. Det er ope havområde med gode straumtilhøve, så det er antatt at resipienten vert lite påverka av dette utsleppet. Det er ikkje registrert lokale problem med eksisterande utslepp.

Bustadane utanfor rensedistriket har private avløpsanlegg med utslepp til sjø, jordbruksdrenering m.m. Det er ikkje lagt inn i hovudplanen å utvide rensedistriket i planperioden for sanering av private avløpsanlegg. Tilstanden på private avløpsanlegg er ukjent. Etter at tilstanden er registrert, kan ein vurdere å sanere ein del av anlegga og kople dei til kommunalt anlegg ut ifrå ei kost/nytte-vurdering. Der er kapasitet på den kommunale slamavskiljaren til å utvide rensedistriket ved behov.

For planperioden er følgjande tiltak aktuelle:

- Kartlegge posisjon og djupne for utslepp, dimensjon og tilstand på utsleppsleidning.
- Kartlegge eksisterande leidningsnett.
- Kontrollere om all busetnad innanfor rensedistriket er tilkopla kommunalt anlegg.

6.3. Ulstein



Figur 14 Reinsedistrikt Ulstein.

Eigar	Kommunen
Reinseanlegg	RA3 Kolbeinhaugane Slamavskiljar: GUP, 17 m ³ , bygd i 1997 (for Kolbeinhaugane bustadfelt) Slamtømming pr. år: 4 Berekna kapasitet: 80 pe ved tømming 2 gongar i året Tilknytt fellesslamavskiljar: om lag 130 pe I nordre del av rensedistriket har bustadane eigne private slamavskiljarar
Pe i rensedistriket	Om lag 210 pe
Utslepp, resipient	Utslepp U2 til Ulsteinfjorden på ca. 4 m djupne
Tilstand resipient	Mindre følsamt område, reinsekrav § 13-8 i forureiningsforskrifta Økologisk tilstand: God
Leidningsnett	Leidningsnettet i Kolbeinhaugane er utbygd som separatsystem, leidningsnett i nordre del av rensedistriket er eldre fellessystem
Regnvassoverløp	Ingen
Pumpestasjonar	Ingen


Vurdering:

Eksisterande slamavskiljar for Kolbeinhaugane, RA3, har for liten kapasitet. Det er usikker djupne på utsleppsleidninga, men det er ikkje registrert lokale problem med utsleppet. Det er lagt inn i handlingsplanen å sanere U2 og overføre avløpet til RA1 Halseneset. Alternativet er å byggje ny slamavskiljar for heile rensedistriket. Då kan private slamavskiljarar koplast ut. Det er behov for separering av delar av leidningsnettet.

For planperioden er følgjande tiltak aktuelle:

- Kartlegge posisjon og djupne for utslepp, dimensjon og tilstand på utsleppsleidning.
- Kartlegge eksisterande leidningsnett.
- Sanere U2 og overføre avløpet til RA1 Halseneset. Alternativt å byggje ny slamavskiljar for heile rensedistriket, og forlenge utsleppsleidninga.

6.4. Ulsteinvik



Figur 15 Reinsedistrikt Ulsteinvik.

Eigar	Kommunen
Reinseanlegg	RA1 Halseneset Silanlegg bygd i 2008, bandsiler med lysopning 0,54 mm (Salsnes Filter, 2 stk. SF4000) Dimensjonert for: Q=90 l/s, RA1 Halseneset har utsleppsløyve datert 05.12.02 med krav om primærreinsing for om lag 4250 pe.
Pe i rensedistriket	Om lag 6.100 pe
Utslepp, recipient	Utslepp U4 til Ulsteinfjorden på ca. 28 m djupne. Naudoverløp til sjø på 5 m djupne.
Tilstand recipient	Mindre følsamt område, reinsekrav § 13-8 i forureiningsforskrifta Økologisk tilstand: God
Leidningsnett	Leidningsnett utbygd både som separatsystem og fellessystem. Deler av leidningsnettet er av eldre dato. Høg andel av framandvatn i leidningsnettet
Regnvassoverløp	1 regnvassoverløp i Ulsteinvik sentrum
Pumpestasjonar	11 kommunale pumpestasjonar, alle med naudoverløp til sjø

Vurdering:

Reinseanlegg

RA1 Halseneset er relativt nytt og fungerer bra. Silane vert ombygd i 2018 for å endre metode for reingjering av desse, bakgrunn for dette er arbeidsmiljø. Anlegget stettar reinsekrava i § 13-8 i forureiningsforskrifta, men stettar ikkje reinsekrava for primærreinsing jf. analyseresultat for 2017. Det vart sett krav om primærreinsing i utsleppsløyve som vart gitt i 2002. Reinseanlegget vart bygd etter at forureiningsforskrifta vart vedtatt, og er bygd for å stette krava i § 13-8, med moglegheit for oppgradere anlegget til primærreinsing. Det er behov for å søkje om nytt utsleppsløyve for anlegget.

Leidningsnett og pumpestasjonar

Hovudutfordringa i reinsdistriktet er problem med framandvatn i leidningsnettet. Avløpsleidningar for bustadområde bygd etter 1970 er i hovudsak bygd etter separatsystemet, men ein stor del av desse er tilknytt fellessystem (AF-leidningar) nedstrøms. Det er også mange private stikkleidningar som fortsatt er AF-leidningar sjølv dei er tilkopla communal spillvassleidning (SP-leidning). Ved mykje nedbør og snøsmelting blir det ført store mengder framandvatn (regnvatn m.m.) til leidningssystemet. Vikelva og Sauneselva går gjennom Ulsteinvik sentrum, noko av overvatnet frå området blir ført til elvane med avskjerande grøfter. Det er også problem med innlekkning av sjøvatn i nedre del av leidningsnettet ved høg sjøvasstand.

Tilnærma alt avløpsvatnet i reinsdistriktet vert pumpa til RA1 Halseneset. Det er få eigedomar som har sjølvfall direkte til reinseanlegget. Avløpet frå Ulsteinvik sentrum og austover til og med Saunesmarka industriområde vert gravitert til 8 kommunale pumpestasjonar langs sjøen. 7 av desse pumpestasjonane overfører avløpet til PS5 Johansenbuda som pumper avløpet vidare til reinseanlegget. Det har i fleire år vore problem med kapasitet og påfølgjande driftsproblem ved fleire av pumpestasjonane, spesielt ved PS5 Johansenbuda.

Ved nokre pumpestasjonar er det opptil 90 % framandvatn ved mykje nedbør. Pumpestasjoner og pumpeleidningar har ikkje kapasitet til å føre vidare desse avløpsmengdene, dette fører til mykje overløpsdrift med utslepp av ureinsa avløpsvatn til hamnebassenget og Lyngnesvika. Det fører og til stor slitasje på pumpestasjonar, og i eit tilfelle havari ved pumpestasjon PS5 Johansenbuda.

Overløpsdrift skjer ved store nedbørsmengder så det er fortynna avløpsvatn som vert slept ut. Det er krav om at utslepp via overløp ikkje skal føre til forsøpling, så der ein må rekne med overløp ved nedbør må det etablerast regnvassoverløp som held tilbake større partiklar og fører dette vidare til reinseanlegget.

I nedre del av Ulsteinvik sentrum vil kombinasjonen av meir intens nedbør og høgare havnivå/stormflo føre til auka problem med oppstiving av avløpsvatn i leidningsnettet som kan føre til tilbakeslag i bygningar. Det vert også auka forureining til sjø frå overløp frå pumpestasjonar.

Det er mange eigedomar med private slamavskiljarar i reinsdistriktet, om lag 330 stk. Fleire av desse kan no koplast ut sidan det er bygd felles reinseanlegg for området. Nokre stader kan det framleis vere behov for privat slamavskiljar på grunn av dårlig leidningsnett eller at det er problem med overløpsdrift til hamnebassenget.

Kort oppsummering av problem med framandvatn i leidningsnettet:

- Fortsatt mykje kommunalt AF-leidningsnett.
- Manglande oversikt over kor det kjem mest framandvatn inn i leidningsnettet; innlekkning, bekkeinntak, sandfang m.m.
- Alder og tilstand for leidningsnettet er i liten grad registrert. Kan kartlegge tilstand med kamerainspeksjon.
- Framandvatn på grunn av feilkoplingar på nettet; overvatn tilkopla SP-leidning.
- Framandvatn på grunn av at private AF-leidningar er tilknytt kommunale SP-leidningar.
- Manglande oversikt over tilrenning og overløpsdrift ved avløspumpestasjonar ved mykje nedbør.
- Innlekkning av sjøvatn i leidningsnettet.

Eksisterande avløpssystem i Ulsteinvik sentrum fungerer dårlig på grunn av:

- Avløpsnettet er ei blanding av felles- og separatsystem. Nokre områder med separatsystem er ført til område med fellesleidningar, slik at spillvatn og overvatn vert ført i same rør fram til pumpestasjoner og reinseanlegg. Dette gir i periodar mykje framandvatn i nettet som fører til kapasitetsproblem og mykje overløpsdrift ved pumpestasjonane.
- Tilnærma alt avløp vert gravitert til 8 pumpestasjonar ved sjøen som pumper avløpet til RA1 Halseneset. Dette fører til unødig pumping av avløpsvatn då store deler av leidningsnettet i utgangspunktet kan førast til RA1 ved gravitasjon.
- Pumpestasjonane pumpar i «serie», det vil sei at avløpsvatnet vert pumpa frå ein eller fleire pumpestasjonar til neste pumpestasjon osv. Dette gir ei krevjande drift med tanke på styring av pumpestasjonane.

Eit viktig tiltak framover vil vere å redusere mengda framandvatn til leidningsnettet, det er ikkje aktuelt å vidareføre alt avløpsvatnet til RA1 Halseneset. Reinseanlegget har ikkje kapasitet til dette og det medfører også store driftsutgifter dersom ein skal pumpe alt framandvatnet til reinseanlegget.

Det kan vere aktuelt å utvide reinsdistriktet på sikt ved å overføre avløpsvatn frå reinsdistrikt Ulstein i nord og Strandabø og Hasund i sør. Då slepp kommunen å etablere nye eller oppgradere eksisterande reinseanlegg her i framtida. Må vurdere kapasiteten for RA1 Halseneset.

For planperioden er følgjande tiltak aktuelle:

- Kartlegge posisjon og djupne for utslepp, dimensjon og tilstand på utsleppsleidning. Dette gjeld både utslepp frå reinseanlegg og overløp frå pumpestasjonar. Nokre utsleppsleidningar er kartlagt i 2018.
- Kartlegge og vurdere tilstanden på eksisterande leidningsnett.
- Systematisk kartlegging av kor framandvatn kjem inn i leidningsnettet, blant anna registrere bekkeinntak, sandfang, måle vasstand i kummar ved nedbør, måle vassføring, registrere tilbakeslag m.m.
- Separere AF-leidningar og fornye leidningsnettet.
- Endre systemløysinga for leidningsnettet i Ulsteinvik sentrum – føre meir avløpsvatn til reinseanlegget ved gravitasjon ved å bygge ei avskjerande leidning frå RA1 Halseneset og austover mot Saunesmarka industriområde, viser til oversiktskart 003. Denne leidninga vil redusere avløpsmengda til pumpestasjonane og føre avløpsvatn frå øvre del av reinsdistriktet direkte til RA1 Halseneset ved gravitasjon. Det er høge kostnader med å pumpe avløpsvatnet via fleire pumpestasjonar til reinseanlegget slik som situasjonen er no. Det fører til utslepp av ureinsa kloakk til hamnebassenget og Lyngnesvika ved overløpsdrift ved pumpestasjonane når det er nedbør, og det er fare for fare for flauムulemper som havari i pumpestasjonar og tilbakeslag i leidningsnettet.

- Det er behov for å utføre nokre strakstiltak i Ulsteinvik sentrum då den avskjerande leidninga er eit tiltak som må byggjast etappevis over fleire år. Det er difor nødvendig å utføre tiltak på leidningsnettet, samt styring av pumpestasjonane for å redusere faren for tilbakeslag i bygningar og ulemper ved utslepp av ureinsa avløpsvatn ved overløp. Det er behov for ny utsleppsleidning for overløp frå PS5 Johansenbuda. Eksisterande leidning har for liten kapasitet, og det er behov for å auke dimensjonen for å unngå havari i pumpestasjonen på grunn av mykje framandvatn til stasjonen ved nedbør og snøsmelting. Overløpsleidninga er planlagt med utslepp i Lyngnesvika, utanfor moloen på ca. 20 m djupne.



Bilde 8 Pumpestasjon PS5 Johansenbuda. Foto: Ulstein kommune.

6.5. Strandabø



Figur 16 Reinsedistrikt Strandabø.

Eigar	Kommunen
Reinseanlegg	RA4 Strandabø Slamavskiljar: GUP, 32 m ³ , bygd i 1991 Slamtømming pr. år: 4 Dimensjonert for: 145 pe ved tømming 2 gongar i året Tilknytt slamavskiljar: om lag 120 pe
Pe i rensedistriket	Om lag 165 pe
Utslepp, resipient	Utslepp U12A til Lyngnesvika på ca. 20 m djupne
Tilstand resipient	Mindre følsamt område, reinsekrav § 13-8 i forureiningsforskrifta Lyngnesvika kan verte aktuelt å sjå på som sårbar sjørespirant jf. lokal forskrift Økologisk tilstand: Antatt moderat
Leidningsnett	Utbygd som separat leidningsnett
Regnvassoverløp	Ingen
Pumpestasjonar	Ingen

Vurdering:


- Kan vurdere å redusere tømmefrekvensen for slamavskiljaren med dagens belastning.
- Der er nokre eigedomar med privat slamavskiljar som er tilknytt kommunalt nett, vurdere krav om utkopling av privat slamavskiljar.
- Det er fleire bustader i rensedistriket som ikkje er tilknytt kommunalt avløp i dag. Dei fleste har privat slamavskiljar med utslepp til sjø.
- Det er behov for å auke kapasiteten på slamavskiljaren dersom alle eksisterande og framtidige eigedomar i rensedistriket skal knytast til kommunalt anlegg.

- Det er ikke prioritert å bygge nytt reinseanlegg i denne planperioden. På sikt kan det vere aktuelt å overføre avløpet frå dette reinsedistriktet til RA1 Halseneset, som alternativ til å bygge nytt reinseanlegg.

For planperioden er følgjande tiltak aktuelle:

- Kartlegge posisjon og djupne for utslepp, dimensjon og tilstand på utsleppsleidning.
- Kartlegge og vurdere tilstanden på eksisterande leidningsnett.

6.6. Hasund



Figur 17 Reinsedistrikt Hasund.

Eigar	Kommunen
Reinseanlegg	RA8 Hasund Slamavskiljar: GUP, 36 m ³ Slamtømming pr. år: 2 Dimensjonert for: 165 pe ved tømming 2 gongar i året
Pe i rensedistriket	Om lag 40 pe
Utslepp/ Resipient	Utslepp U13 til Lyngnesvika på ca. 20 m djupne
Tilstand recipient	Mindre følsamt område, reinsekrav § 13-8 i forureiningsforskrifta Lyngnesvika kan verte aktuelt å sjå på som sårbar sjørecipient jf. lokal forskrift. Økologisk tilstand: Antatt moderat
Leidningsnett	Separat leidningsnett, noko fellesleidningar. Manglar leidningar i leidningskartet
Regnvassoverløp	Ingen
Pumpestasjonar	PS10 Hasund, naudoverløp til sjø

Vurdering:

- Slamavskiljar har god kapasitet, vurdere å redusere tømmefrekvensen.
- Der er nokre eigedomar med privat slamavskiljar som er tilknytt kommunalt nett. Krav om utkopling av desse.
- Det er fleire eigedomar som har private avløpsanlegg i rensedistriket. Vurdere krav om tilkopling til kommunalt anlegg.
- På sikt kan det vere aktuelt å overføre avløpet frå dette rensedistriket til eit anna rensedistrikt (Ulsteinvik, Sundgot) dersom det vert strengare reinsekrav for utslepp til Lyngnesvika eller anlegget vert omfatta av kapittel 14 i forureiningsforskrifta.

For planperioden er følgjande tiltak aktuelle:

- Kartlegge posisjon og djupne for utslepp, dimensjon og tilstand på utsleppsleidning.
- Kartlegge eksisterande leidningsnett.

6.7. Garshol



Figur 18 Reinsedistrikt Garshol .

Eigar	Kommunen
Reinseanlegg	RA5 Garshol Slamavskiljar: GUP, 45 m ³ , bygd i 1989 Slamtømming pr. år: 2 Berekna kapasitet: 210 pe ved tømming 2 gongar i året
Pe i rensedistriket	Om lag 150 pe
Utslepp/ Resipient	Utslepp U14 til Botnavika på ca. 20 m djupne
Tilstand resipient	Mindre følsamt område jf. områdeinndeling i forureningsforskrifta Sårbar sjøresipient jf. lokal forskrift (under 50 pe) Økologisk tilstand: Dårleg
Leidningsnett	Separat leidningsnett
Regnvassoverløp	Ingen
Pumpestasjonar	Ingen


Vurdering:

Slamavskiljaren har tilstrekkelig kapasitet. Botnavika er registrert som sårbar sjøresipient i kommunen si lokale forskrift om utslepp av avløpsvatn, og det er stilt strengare krav til reining enn det som ein kan oppnå ved ein slamavskiljar. Lokal forskrift gjeld for utslepp mindre enn 50 pe. Ved framtidig endring av dette reinseanlegget kan det kome krav om reinseanlegg med betre reining enn ein kan oppnå med ein slamavskiljar. Vurdere å overføre avløpet til eit anna rensedistrikt (Sundgot) dersom det blir aktuelt.

For planperioden er følgjande tiltak aktuelle:

- Kartlegge posisjon og djupne for utslepp, dimensjon og tilstand på utsleppsleidning.
- Kartlegge eksisterande leidningsnett.

6.8. Sundgot



Figur 19 Reinsedistrikt Sundgot.

Eigar	Kommunen
Reinseanlegg 1	RA6 Sundgotmarka (Kjerringnesmyra) Slamavskiljar: Betong, 30 m ³ , bygd i 1981 Slamtømming pr. år: 2 Berekna kapasitet: 140 pe ved tømming 2 gongar i året Pe i feltet: 90 pe
Reinseanlegg 2	RA7 Sungotmarka Slamavskiljar: GUP, 78 m ³ Slamtømming pr. år: 4 Berekna kapasitet: 355 pe ved tømming 2 gongar i året
Pe i rensedistriket	Om lag 690 pe
Utslepp, recipient	Utslepp U15 til Botnavika på ca. 20 m djupne
Tilstand recipient	Mindre følsamt område jf. områdeinndeling i forureningsforskrifta Sårbar sjørecipient jf. lokal forskrift (under 50 pe) Økologisk tilstand: Dårleg
Leidningsnett	I hovudsak utbygd som separat leidningsnett
Regnvassoverløp	Ingen
Pumpestasjonar	PS11 (overløp til sjø), PS12 (utan overløp), PS13 (overløp til sjø)

Vurdering:


PS12 blir erstatta av ny pumpestasjon med tett tank for naudoverløp og naudstraumsagggregat i 2018. Det er behov for å oppgradere RA7 Sundgotmarka på grunn av dårleg kapasitet på slamavskiljaren. Botnavika er registrert som sårbar sjørecipient i kommunen si lokale forskrift om utslepp av avløpsvatn, og det er stilt strengare krav til reinsing enn det ein kan oppnå med ein slamavskiljar. Lokal forskrift gjeld for utslepp mindre enn 50 pe. Ved endring av dette reinseanlegget kan det kome krav om reinseanlegg med betre reinsing enn ein kan oppnå med ein slamavskiljar. Ved bygging av

nytt reinsenanlegg vil ein sanere eksisterande slamavskiljarar, både RA6 og RA7, og byggje eit felles anlegg. Dersom det vert krav om biologisk/kjemisk reining for utslepp til Botnavika må ein vurdere å beregne kapasitet slik at ein kan overføre avløpet frå RA5 Garshol om ein skal sanere det reinseanlegget på sikt.

For planperioden er følgjande tiltak aktuelle:

- Kartlegge posisjon og djupne for utslepp, dimensjon og tilstand på utsleppsleidning
- Kartlegge eksisterande leidningsnett
- Bygge nytt reinseanlegg ved U15, vurdere behov for ny utsleppsleidning

6.9. Kleven




Figur 20 Reensedistrikt Kleven.

Eigar	Privat, Kleven Verft AS
Reinseanlegg	3 slamavskiljarar på 60 m ³ (RA16A, RA16B og RA16C) I tillegg til industriområdet er det nokre bustader som er tilknytt den eine slamavskiljaren, RA16A
Pe i reensedistriket	Om lag 480 pe
Utslepp, recipient	Utslepp U16A, U16B og U16 C til 20 m djupne til Lyngnesvika
Tilstand recipient	Mindre følsamt område, reinsekrav § 13-8 i forureiningsforskrifta Lyngnesvika kan verte aktuelt å sjå på som sårbar sjørecipient jf. lokal forskrift Økologisk tilstand: Antatt moderat
Leidningsnett	Ikkje registrert i leidningskart
Regnvassoverløp	Ingen
Pumpestasjonar	1 privat pumpestasjon tilknytta utslepp U16A

Vurdering:

- Privat anlegg, kommunen følgjer dette opp som forureiningsmynde.

6.10. Gjerde



Figur 21 Reinsedistrikt Gjerde.

Eigar	Kommunen
Reinseanlegg	RA9 Gjerde Slamavskiljar: GUP, 35 m ³ Slamtømming pr. år: 2 Berekna kapasitet: 160 pe ved tømming 2 gongar i året
Pe i rensedistriket	Om lag 50 pe
Utslepp/ recipient	Utslepp U17A til Lyngnesvika
Tilstand recipient	Mindre følsamt område, reinsekrav § 13-8 i forureiningsforskrifta Lyngnesvika kan verte aktuelt å sjå på som sårbar sjørecipient jf. lokal forskrift Økologisk tilstand: Antatt moderat
Leidningsnett	Ukjent, manglar i leidningskartet
Regnvassoverløp	Ingen
Pumpestasjonar	Ingen


Vurdering:

- Slamavskiljar har god kapasitet. Vurdere å redusere tømmefrekvens.
- Ukjent leidningsnett. Utbygd i privat regi, seinare overtatt av kommunen.
- På sikt kan det vere aktuelt å overføre avløpet frå dette rensedistriket til eit anna rensedistrikt (Ulsteinvik, Skjerva) dersom det vert strengare reinsekrav for utslepp til Lyngnesvika eller anlegget vert omfatta av kapittel 14 i forureiningsforskrifta.

For planperioden er følgjande tiltak aktuelle:

- Kartlegge posisjon og djupne for utslepp, dimensjon og tilstand på utsleppsleidning.
- Kartlegge eksisterande leidningsnett.

6.11. Skjerva




Figur 22 Reinsedistrikt Skjerva

Eigar	Privat, Kleven Verft AS
Reinseanlegg	Bustadane har eigne private slamavskiljar
Pe i rensedistriket	Om lag 65 pe
Utslepp/ Resipient	Utslepp U17 Søylene/Vågevika
Tilstand recipient	Mindre følsamt område, reinsekrav § 13-8 i forureiningsforskrifta Økologisk tilstand: Antatt moderat
Leidningsnett	Privat leidningsnett
Regnvassoverløp	Ingen
Pumpestasjonar	Ingen

Vurdering:

- Det er tatt med nytt bustadfelt i arealplan nord for Skjerva i rensedistriket. Det er usikkert om det blir eige utslepp av avløpsvatn frå nytt felt eller felles utslepp med Skjerva (U17)
- Privat anlegg, kommunen følgjer dette opp som forureiningsmynde.

6.12. Vågevika



Figur 23 Reinsedistrikt Vågevika.

Eigar	Kommunen
Reinseanlegg	RA11 Vågane Slamavskiljar: GUP, 35 m ³ , bygd i 2010 Slamtømming pr. år: 1 Berekna kapasitet: 160 pe ved tømming 2 gongar i året
Pe i rensedistriket	Om lag 50 pe
Utslepp/ resipient	Utslepp U18 til Søylene/Vågevika på ca. 15 m djupne
Tilstand resipient	Mindre følsamt område, reinsekrav § 13-8 i forureiningsforskrifta Økologisk tilstand: Moderat
Leidningsnett	Leidningsnettet er relativt nytt, i hovudsak utbygd som separatsystem
Regnvassoverløp	Ingen
Pumpestasjonar	PS16 Vågane, naudoverløp til sjø


Vurdering:

- Slamavskiljar har god kapasitet. Ingen kjente driftsproblem.
- Det er behov for å lage avkjørsle til pumpestasjon PS16 Vågane.

For planperioden er følgjande tiltak aktuelle:

- Ny avkjørsel for PS16 Vågane.
- Kartlegge posisjon og djupne for utslepp, dimensjon og tilstand på utsleppsleidning.
- Kartlegge eksisterande leidningsnett.

6.13. Hellestøa



Figur 24 Reinsedistrikt Hellestøa.

Eigar	Kommunen
Reinseanlegg	RA12 Hellestøa Slamavskiljar: GUP, 42 m ³ , bygd i 1991 Slamtømming pr. år: 3 Berekna kapasitet: 190 pe ved tømming 2 gongar i året
Pe i rensedistriket	Om lag 190 pe
Utslepp, recipient	Utslepp U19 til Søylene på ca. 20 m djupn
Tilstand recipient	Mindre følsamt område, reinsekrav § 13-8 i forureiningsforskrifta Økologisk tilstand: Moderat
Leidningsnett	Leidningsnettet er relativt nytt, i hovudsak utbygd som separatsystem
Regnvassoverløp	Ingen
Pumpestasjonar	PS17 Legehaugane Sør (utan naudoverløp men m/naudstrausaggregat), PS20 Legehaugane Nord (naudoverløp til sjø)


Vurdering:

- Teknisk anlegg for nytt bustadfelt Legehaugane er utbygd, blant anna nye pumpestasjonar. Tomter er lagt ut for sal.
- Eksisterande slamavskiljar har for liten kapasitet ved ny utbygging i området. Det er behov for å oppgradere/byggje ny slamavskiljar. Det er lite areal tilgjengeleg ved eksisterende slamavskiljar, vurdere ny plassering.

For planperioden er følgjande tiltak aktuelle:

- Kartlegge posisjon og djupne for utslepp, dimensjon og tilstand på utsleppsleidning.
- Kartlegge eksisterande leidningsnett.
- Ny slamavskiljar.

6.14. Ytre Haddal



Figur 25 Reinsedistrikt Ytre Haddal.

Eigar	Kommunen
Reinseanlegg	RA13 Ytre Haddal Slamavskiljar: GUP, 45 m ³ Slamtømming pr. år: 2 Dimensjonert for: 210 pe ved tømming 2 gongar i året
Pe i rensedistriket	Om lag 210 pe
Utslepp, recipient	Utslepp U21 til Haddalsvika på ca. 15 m djupne
Tilstand recipient	Mindre følsamt område jf. områdeinndeling i forureningsforskrifta Sårbar sjørecipient jf. lokal forskrift (under 50 pe) Økologisk tilstand: Svært dårlig
Leidningsnett	Delvis separat leidningsnett og noko felles leidningsnett
Regnvassoverløp	Ingen
Pumpestasjonar	Ingen


Vurdering:

Slamavskiljar har liten kapasitet. Det er behov for å auke kapasiteten dersom fleire eigedomar skal knytast til kommunalt anlegg. Haddalsvika er registrert som sårbar sjørecipient i kommunen si lokale forskrift om utslepp av avløpsvatn, og det er stilt strengare krav til reinsing enn det som ein kan oppnå ved ein slamavskiljar. Lokal forskrift gjeld for utslepp mindre enn 50 pe. Ved framtidig endring av dette reinseanlegget kan det kome krav om reinseanlegg med betre reinsing enn ein kan oppnå med ein slamavskiljar. Ved bygging av nytt reinseanlegg vil det vere naturleg å slå saman rensedistrikt Ytre Haddal og Indre Haddal. Det er ikkje prioritert å byggje nytt reinseanlegg i denne planperioden, det er ikkje forventa stor utbygging i området framover.

For planperioden er følgjande tiltak aktuelle:

- Kartlegge posisjon og djupne for utslepp, dimensjon og tilstand på utsleppsleidning.
- Kartlegge eksisterande leidningsnett.

6.15. Indre Haddal



Figur 26 Reinsedistrikt Indre Haddal.

Eigar	Kommunen
Reinseanlegg	RA14 Indre Haddal Slamavskiljar: GUP, 35 m ³ Slamtømming pr. år: 2 Berekna kapasitet: 160 pe ved tømming 2 gongar i året
Pe i rensedistriket	Om lag 130 pe
Utslepp/ Resipient	Utslepp U22 til Haddalsvika på ca. 15 m djupne
Tilstand recipient	Mindre følsamt område jf. områdeinndeling i forureiningsforskrifta Sårbar sjøresipient jf. lokal forskrift (under 50 pe) Økologisk tilstand: Svært dårlig
Leidningsnett	Delvis separat leidningsnett og noko felles leidningsnett
Regnvassoverløp	Ingen
Pumpestasjonar	Ingen


Vurdering:

Slamavskiljar har liten kapasitet. Haddalsvika er registrert som sårbar sjøresipient i kommunen si lokale forskrift om utslepp av avløpsvatn, og det er stilt strengare krav til reining enn det som ein kan oppnå ved ein slamavskiljar. Lokal forskrift gjeld for utslepp mindre enn 50 pe. Ved framtidig endring av dette reinseanlegget kan det kome krav om reinseanlegg med betre reining enn ein kan oppnå med ein slamavskiljar. Ved bygging av nytt reinseanlegg vil det vere naturleg å slå saman rensedistrikt Ytre Haddal og Indre Haddal. Det er ikkje prioritert å bygge nytt reinseanlegg i denne planperioden, det er ikkje forventa stor utbygging i området framover.

For planperioden er følgjande tiltak aktuelle:

- Kartlegge posisjon og djupne for utslepp, dimensjon og tilstand på utsleppsleidning.
- Kartlegge eksisterande leidningsnett.

6.16. Havåg



Figur 27 Havåg reinsedistrikt.

Eigar	Kommunen
Reinseanlegg	RA15 Havåg Slamavskiljar: GUP, 24 m ³ , bygd i 1998 Slamtømming pr. år: 2 Berekna kapasitet: 110 pe ved tømming 2 gongar i året
Pe i reinsedistriket	Om lag 40 pe
Utslepp/ Resipient	Utslepp U25 til Selvågdjupet på ca. 15 m djupne
Tilstand resipient	Mindre følsamt område, reinsekrav § 13-8 i forureiningsforskrifta Økologisk tilstand: Moderat
Leidningsnett	Ein del av leidningsnettet er ikkje registrert i leidningskartet
Regnvassoverløp	Ingen
Pumpestasjonar	Ingen

Vurdering:

- Slamavskiljar har god kapasitet. Ingen kjente driftsproblem.
- Fleire leidningar som ikkje er registrert i leidningskartet.

For planperioden er følgjande tiltak aktuelle:

- Kartlegge posisjon og djupne for utslepp, dimensjon og tilstand på utsleppsleidning.
- Kartlegge eksisterande leidningsnett.

6.17. Eiksund



Figur 28 Reinsedistrikt Eiksund.

Eigar	Kommunal
Reinseanlegg	RA17 Eiksund Indre Slamavskiljar: GUP, 35 m ³ , bygd i 2011 Slamtømming pr. år: 1 Berekna kapasitet: 160 pe ved tømming 2 gongar i året
Pe i rensedistriket	Om lag 150 pe
Utslepp/ Resipient	Utslepp U25 til Selvågdjupet på ca. 15 m djupne
Tilstand resipient	Mindre følsamt område, reinsekrap § 13-8 Økologisk tilstand: Moderat
Leidningsnett	I hovudsak utbygd som separat anlegg, noko felles leidningsnett
Regnvassoverløp	Ingen
Pumpestasjonar	PS19 Eiksund Ytre og PS15 Eiksund Indre, begge med overløp til sjø

Vurdering:

- Ny slamavskiljar, ok kapasitet.
- Mange bustader som er tilknytt kommunalt avløpsanlegg har eigen privat slamavskiljar. Desse kan no koplast ut då det er etablert felles kommunal slamavskiljar.

For planperioden er følgjande tiltak aktuelle:

- Kartlegge posisjon og djupne for utslepp, dimensjon og tilstand på utsleppsleidning.
- Krevje private slamavskiljarar utkopla.
- Kartlegge eksisterande leidningsnett.

7. KOSTNADAR, HANDLINGSPLAN OG GEBYR

7.1. Retningsliner for sjølvkost og gebyrberekning

Som overordna prinsipp for kommunale avløpstjenester er det fastsatt i vass- og avløpsanleggsløva at kommunen har rett til å krevje inn avløpsgebyr frå eigarar av eigedomar som er (eller kan vere) tilknytta kommunale avløpsanlegg. Lova fastset også at gebyra skal vere eingongsgebyr for tilknyting og årsgesbyr. Det ikkje lovpålagt at kostnadane fullt ut skal dekkjast inn gjennom gebyra, men inntektene skal ikkje overstige kommunen sine kostnadar med sektoren.

Kommunal- og regionaldepartementet har utgitt «*Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester*» H-3/14 som gjev retningsliner for korleis kommunen skal berekne sjølvkost for ei teneste. Sjølvkost er definert som den totale kostnadsauken ein kommune har ved å produsere ei bestemt vare eller teneste. Ein generasjon brukarar skal ikkje subsidiere eller blir subsidiert av neste generasjon. Kostnadane ved tenesta som vert ytt i dag skal verte dekka av dei brukarande som får nytte av tenesta. Dette blir kalla generasjonsprinsippet.

Kvart sjølvkostområde skal ha sitt eige sjølvkostfond. Eit positivt sjølvkostresultat (overskot) skal som hovudregel førast tilbake til brukarane av sjølvkosttenesta innan fem år. Tilsvarande kan eit underskot som hovudregel dekkjast inn seinast innan fem år, når kommunen har bestemt at kostnaden ved tenesta fullt ut skal dekkjast av brukarane.

Kommunen nyttar EnviDan Momentum til berekning av sjølvkost. Envidan Momentum har berekna framtidig gebyrutvikling med bakgrunn i planlagde investeringar som er lagt inn i handlingsplanen, samt prognose for drift- og vedlikehaldskostnadar.

7.2. Driftskostnadar

Det er tatt utgangspunkt i driftskostnadane i kommunen si prognose for 2018 som vart utarbeida i september. Det er lagt til grunn ein prisvekst på 2,5 % for direkte og indirekte driftsutgifter. Det er lagt til grunn ei auke i bemanning i avløpssektoren med ei ny stilling frå og med 2020.

7.3. Investeringstiltak

Viser til vedlegg 5 Handlingsplanen for perioden 2019-2029 og kartvedlegg. Handlingsplanen har investeringar for om lag 130 mill. kroner for perioden 2019-2029.

I karta er det vist prinsipp for planlagt utbygging av nye anlegg. Endeleg plassering, trasear og løysingar vert valt gjennom forprosjekt og/eller detaljprosjektering av det einskilde tiltaket. Ved prosjektering vil det inngå vurderingar etter fleire lovverk og interesser, blant anna: forureiningsforskrifta, plan- og bygningslova, naturmangfoldlova, kulturminnelova, havne- og farvannslova, arealplan og reguleringsplan, fiske- og havbruksinteresser m.v. Der kommunen ikkje er grunneigar må ein avklare rettar for å etablere tiltaket med grunneigar.

Det er grove kostnadsoverslag i hovudplanen, endeleg kostnadsoverslag vil kome fram etter at tiltaka er detaljprosjektert. I kostnadsoversлага er det inkludert påslag på 20-40 % for prosjektering, byggjeleiing og uforutsette kostnadar.

Tabell 11 gir ein kort beskriving av kvart tiltak.

Tabell 11 Investeringstiltak for kommunale avløpsanlegg.

Nr.	Tiltak
1	Hovudplan avløp Revisjon av hovudplan for avløp.
2	Plan for leidningsfornyng og separering (saneringsplan) Utarbeide ein plan for leidningsfornyng og separering (saneringsplan) der ein kartlegg behovet, og utarbeider ein tiltaksplan som viser kva leidningstrekk ein skal fornye kvart år. Samordne tiltak med andre sektorar som vassforsyning, veg og kablar.
3	Leidningsfornyng og separering Det er eit mål å fornye og separere 1 % av leidningsnettet kvart år i snitt. Det er tatt med ein årleg kostnad i handlingsplanen til leidningsfornyng og separering. I første del av planperioden er investeringsramma redusert i forhold til målet om 1 % årleg fornying, medan det er auka tilsvarende i siste del av planperioden. Saneringsplan skal leggjast til grunn for arbeidet. Samordne tiltak med andre sektorar som vassforsyning, veg og kablar.
4	Resipientundersøking, sårbare sjøresipientar Kommunen har definert nokre områder som sårbare sjøresipientar i lokal forskrift for utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg. Etter undersøkinga av «Den Grøne Korridor» i 2008-2009 vart ytterlege undersøkingar tilrådd. Det er behov for recipientundersøkingar for dei sårbare sjøresipientane for å blant anna vurdere: <ul style="list-style-type: none"> • kva påverknad utslepp av avløpsvatn har i forhold til andre påverknader som blant anna landbruk, avrenning frå landareal, akvakultur og naturleg tilførsel ved vassutskifting • kva kapasitet recipienten har for å motta utslepp av fosfor, nitrogen og organisk stoff frå kommunalt avløpsvatn • om tilstanden i recipienten blir forbetra ved betre reining enn dagens reinseanlegg, om påverknaden frå utslepp av avløpsvatn har stor eller liten betydning for miljøtilstanden
5	Mindre nyanlegg Generell post for mindre nyanlegg, blant anna kommunen sin del ved utbygging av leidningsnett i samband med nye felt og mindre anlegg.
6	Fornyng og ombygging av pumpestasjonar Generell post for fornyng og ombygging av eksisterande pumpestasjonar. Det er lagt inn som eit driftstiltak å kartleggje tilstand på eksisterande pumpestasjonar, og utarbeide ein plan for blant anna nødvendig fornyng og ombygging av stasjonar.
7	SD-anlegg, eksisterande pumpestasjonar Tilkopling til SD-anlegg for eksisterande pumpestasjonar m.m.
8	Bilar Utskifting av bilar som vert nytta innanfor avløp (servicebil og vaktbil).
9	Tømmestasjon for bubilar, campingvogner m.m. Det er planlagt å etablere ein tømmestasjon for kloakk for bubilar og campingvogner. Plassering av tømmestasjonen er ikkje bestemt, vurderer å etablere ein tømmestasjon i tilknyting til ein av kommunen sine pumpestasjonar.
10	Ny overløpsleidning - PS5 Johansenbuda Ny leidning for overløp for PS5 Johansenbuda i Ulsteinvik sentrum, visert til oversiktskart 003. Eksisterande leidning har for liten kapasitet, og det er behov for å auke dimensjonen for å unngå havari i stasjonen og tilbakeslag i leidningsnettet på grunn av mykje framandvatn til stasjonen. Overløpsleidninga er planlagt med utslepp i Lyngnesvika, utanfor moloen på ca. 20 m djupne. Endeleg trase vert avklart ved detaljprosjektering.
11	Avskjerande leidning frå RA1 Halseneset – Saunesmarka Endre systemløysinga for leidningsnettet i Ulsteinvik sentrum – føre meir avløpsvatn til reinseanlegget ved gravitasjon ved å byggje ei avskjerande leidning frå RA1 Halseneset og austover

	<p>mot Saunesmarka industriområde, viser til oversiktskart 003. Denne leidninga vil redusere avløpsmengda til pumpestasjonane og føre avløpsvatn frå øvre del av reinsedistriktet direkte til RA1 Halseneset ved gravitasjon. Det er høge kostnader med å pumpe avløpsvatnet via fleire pumpestasjonar til reinseanlegget slik som situasjonen er no. Det fører til utslepp av ureinsa kloakk til hamnebassenget og Lyngnesvika ved overløpsdrift ved pumpestasjonane når det er nedbør, og det er fare for fare for flaumulemper som havari i pumpestasjonar og tilbakeslag i leidningsnettet.</p>
12	<p>Ny slamavskiljar Sungot, utslepp U15 Byggje ny slamavskiljar for utslepp U15 til Botnavika, viser til kartvedlegg 004. RA6 og RA7 har felles utsleppsleidning. Eksisterande slamavskiljar RA7 har for liten kapasitet. Kommunen må avklare reinsekrav for nytt reinseanlegg og søkje om utsleppsløyve. Botnavika er definert som sårbar sjøresipient jf. lokal forskrift for utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg. Lokal forskrift gjeld for anlegg under 50 pe. Det er lagt inn tiltak om resipientundersøking for sårbare sjøresipientar (tiltak 3). I handlingsplanen er det berekna kostnadene for ny slamavskiljar på 1000 pe som erstatning for RA6 og RA7 (kr 7,5 mill) Om det vert strengare reinsekrav enn ein slamavskiljar kan reinse, må det byggjast biologisk eller kjemisk reinseanlegg. Investeringskostnadane vert då auka (16 mill for eit RA berekna for 1200 pe). Ved berekning av pe for biologisk/kjemisk anlegg er det tatt høgde for at avløpet frå Garshol reinsedistrikt på sikt kan overførast til Sundgot dersom det vert strengare reinsekrav til Botnavika. Ved eksisterande slamavskiljar, RA7, er det lite areal tilgjengelig. Plassering av ny slamavskiljar må avgjerast ved prosjektering, det kan vere behov for å utarbeide reguleringsplan. Det er tatt høgde for ein pumpestasjon, ny utsleppsleidning og noko leidningsnett i tillegg til slamavskiljar for 1000 pe i kostnadsoverslaget.</p>
13	<p>PS 16 Vågane Ny avkjørsel til pumpestasjonen.</p>
14	<p>RA12 Hellestøa - ny slamavskiljar Eksisterande slamavskiljar, RA12 Hellestøa, har for liten kapasitet ved framtidig utbygging i området. Ved eksisterande slamavskiljar er det lite areal tilgjengeleg, endeleg plassering av ny slamavskiljar vert bestemt ved detaljprosjektering. Viser til oversiktskart 004.</p>
15	<p>Ulstein, utslepp U2 – overføre avløpet til RA1 Halseneset Overføre avløpet frå reinsedistrikt Ulstein til RA1 Halseneset, og sanere utslepp U2. Viser til oversiktskart 003. Byggje pumpestasjon ved eksisterande utslepp U2 og pumpeleidning til eksisterande gravitasjonsleidning i rensedistrikt Ulsteinvik. Eksisterande pumpestasjon P14 Ljosheim og tilhøyrande pumpeleidning må også oppgraderast. Som alternativ til å overføre avløpet til RA1 Halseneset kan ein byggje ny slamavskiljar for heile rensedistriktet ved U2, ny utsleppsleidning, sanere eksisterande slamavskiljar RA3 Kolbeinhaugane. Endeleg løysing vert avklart ved detaljprosjektering.</p>

7.4. Kostnadars og gebyr

7.4.1. Oppsummering

